



# Innkalling

## av

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 07.02.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 09:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll – 08.11.2022
003/23	Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034
004/23	Oppstart kommunedelplan - Barnehage og skulebruksplan og vedtak om offentlig høyring og ettersyn planprogram
005/23	Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022
006/23	Oppfølging av vedtak - elevar frå tidlegare Åsheim krins
007/23	Justering av vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune
008/23	Utviding av tal teljetidspunkt barnehage
009/23	Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram
010/23	Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg og anlegg
011/23	Driftstilskot kultur - andre lag og organisasjonar 2023
012/23	Driftstilskot kultur - kor, vaksenkorps ang andre musikklag 2023
013/23	Driftstilskot kultur - skulekorps og barnekor 2023
014/23	Kulturprosjekt vår 2023
015/23	Kulturstipend 2023
016/23	Prosjektilskot - idrettsprosjekt vår 2023
017/23	Idrettsstipend 2023
018/23	Tilskot drift og aktivitet for idretts- og skyttarlag 2023
019/23	Tilskot til idrettsanlegg i privat eige - 2023
020/23	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer. Ro- og padledel
021/23	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
022/23	Endring i politisk styringsstruktur og reglement jf.vedtak i KO sak 182/22
023/23	Meldingar og orienteringar til OKK - 07.02.2023

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.01.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
001/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saken:

10.11.2022      Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -      1832419  
08.11.2022



## Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 08.11.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 12:00 - 14:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland (kom under handsaming av sak 065/22)	H	Utvalsleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Yngve Walaker	FRP	Svein Hagesæter
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Margrethe Kalsås	SV	Øystein Nigar

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Bente Kopperdal Hervik-rådgjevar Kultur, Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Robert L. Hansen- Kst. avdelingsleiar, Ungdom, fritid og medverknad, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
063/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
064/22	Godkjenning av møteprotokoll
065/22	Kulturmiljøplan - Varsel om oppstart og planprogram på høyring
066/22	Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak
067/22	Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug
068/22	Prioritering av søknader om spelemidler 2023
069/22	Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule
070/22	Revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar
071/22	Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022
072/22	Eigarskapsmelding

### **063/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge sakliste: 63, 64, 66, 65, 67, 71, 70, 68, 69, 72/22.  
Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **OKK- 063/22 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **064/22: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte 04.10.2022 vert godkjent, samrøystes.

### **OKK- 064/22 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 04.10.2022 er godkjent.

## **065/22: Kulturmiljøplan - Varsel om oppstart og planprogram på høyring**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune vedtar å varsla oppstart av arbeid med kulturmiljøplan og å leggja ut planprogrammet ut på høyring og offentleg ettersyn.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

### **Behandling:**

Laila Bjørge-Sp bad om vurdering av sin habilitet jf. ko.loven §11-10. Utvalet erklærte henne samrøystes som inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

Kommunedirektøren sinn framlegg vart vedteke med 7 røyster (Christel V. Håland-H, Anne Karin A.Eknes-Krf, Hege N. Dale-Uavh, May Britt Vågenes Gjerde-Sp, Jostein Borglaug-Ap, Anna Nordlund-SV, Margrethe Kalsås-SV). Yngve Walaker-Frp var ikke tilstades under avrøystinga.

### **OKK- 065/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune vedtar å varsla oppstart av arbeid med kulturmiljøplan og å leggja ut planprogrammet ut på høyring og offentleg ettersyn.

## **066/22: Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026.

**Eldreråd 07.11.2022:****Behandling:**

Olav M. Steinsland sette fram følgjande felles framlegg til uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.*

*Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.*

*Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidarearbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

**ER- 044/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.

Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.

Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidare arbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:****Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 048/22 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Ungdomsråd 07.11.2022:****Behandling:****UR- 041/22 Vedtak:**



Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

**Behandling:**

Laila Bjørge-Sp bad om vurdering av sin habilitet jf. ko.loven §11-10. Utvalet erklærte henne samrøystes som inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

**Tilleggsframlegg frå Jostein Borlaug-AP:**

*Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.*

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 066/22 Vedtak:**

**Innstilling i OKK - 08.11.2022:**

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026, med slik endring: Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

**067/22: Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Oddbjørn Hindenes-rådgjevar bygg, areal og grønt

Ingen merknader, samrøystes

**RMNF- 053/22 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**

**Behandling:**

**UR- 040/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar kommundirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

**Behandling:**

**Spørsmål frå Anne Karin Eknes-Krf:**

1. Kva er kapasiteten på Meland Aktiv pr idag - meire korleis vil kapasiteten verte framover, Meland Aktiv.
2. Arealet på tomten - uteareal ift. krav evt. moglegheit til å kjøpe ekstra areal dersom det er behov for?
3. Er det "plasser" på Frekhaug, der desse skuleborna kan plasserast "trygt" i, under byggeprosessen?
4. Kva er tomtepris på areal som må kjøpast, ved Meland Aktiv/Langelandskogen, og pris inklusiv regulering?
5. Kostnad - utreda 2 eller 3? Meirpris?

**Spørsmål frå Yngve Walaker-Frp:**

1. Vurderer me 2. eller 3. alternativ må eksisterande tomt seljast.
2. Korleis er tidsaspektet ved dei ulike alternativa?

**Spørsmål frå Anna Nordlund-SV:**

1. Ynskjer ikkje ta vekk alternativ no i tilfelle det vert ståande utan nokon av dei til slutt.

Spørsmål frå utvalet vert vidaresendt til Formannskapet.

**Framlegg frå Laila Bjørge-Sp:**

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for

lokalbefolkninga. (Sambruk). Til :Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå Jostein Borlaug-Ap:**

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

Framlegget vart samrøystes vedtek.

**OKK- 067/22 Vedtak:**

**Uttale i OKK - 08.11.2022:**

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for

lokalbefolkninga. (Sambruk). Til: Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

## **068/22: Prioritering av søknader om spelemidler 2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidler 2023 slik det ligg føre i saka.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 068/22 Vedtak:**

#### **Innstilling i OKK - 08.11.2022:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidler 2023 slik det ligg føre i saka.

## **069/22: Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

#### **OKK- 069/22 Vedtak:**

#### **Uttale i OKK - 08.11.2022:**

Saka vert teke til orientering.

## **070/22: Revidering av retningslinjer for tildeling av ungdomsrådmidler**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Skriv her»

**Ungdomsråd 07.11.2022:****Behandling:**

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen og Leonie Sophie Thiele

**UR- 043/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet ynskjer å fremme følgjande endring, under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:

Inntil 7500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 20000,- per søknad.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:****Behandling:**

Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad.

**Framlegg frå ungdomsrådet:**

Ungdomsrådet ynskjer å fremje følgjande endring i retningslinjer under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:

Inntil 7500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 20000,- per søknad.

OKK slutta seg til framlegget frå ungdomsrådet.

**Tilleggsframlegg frå OKK v/Christel V. Håland-H:**

*Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**OKK- 070/22 Vedtak:**

**Innstilling i OKK - 08.11.2022:**

OKK sluttar seg til følgjande endring i retningslinjer for ungdomsrådet - under punkt 3/Støtte:

Ein aktør: Inntil 7.500,- per søknad

To eller fleire aktørar i samarbeid: Inntil 20.000,- per søknad.

Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

**071/22: Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

**Behandling:**

Saka er utsett til neste møte.

**OKK- 058/22 Vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

**Behandling:**

Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 071/22 Vedtak:**

## **Innstilling i OKK - 08.11.2022:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering.

## **072/22: Eigarskapsmelding**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka tas til orientering

## **Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**

### **Behandling:**

Assisterande kommunedirektør Martin Kulild orienterte i saka.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til: For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventta avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med felles tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### **HO- 047/22 Vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til: For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventta avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**

### **Behandling:**

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

**OKK- 072/22 Vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

**Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 144/22 Vedtak:**

Saka vert teke til orientering.



**Arkiv:** <arkivID><jplID>  
Plannavn-  
Kommunedelplan  
for oppvekst - Alver  
kommune, Komnr-  
4631

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
004/23	Eldreråd	06.02.2023
003/23	Ungdomsråd	06.02.2023
003/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver kommunestyre	

## Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtek «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034» slik den er lagt fram som digital plan og i vedlagt dokumenteksport av denne.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur,

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Saka gjeld

Endeleg godkjenning av og vedtak for kommunedelplan oppvekst 2023-2034.

Planen er del av kommunen sine overordna planar og er gjennomført som kommunedelplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova. No er prosessen kommen til siste steget, som er endeleg vedtak i kommunestyret.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

I planstrategi for Alver for periode 2021-2024 er det planlagt å gjennomføre kommunedelplan for oppvekst. Planarbeidet vart starta i 2021, parallelt med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for helse og omsorg. Etter ein fase med felles planaktivitet, for mellom anna medverknad, vart først kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) vedteke av kommunestyret.

Kommunedelplan for oppvekst representerer ei vidare detaljering av KPS sine overordna målsettingar og er samstundes koordinert med andre kommunedelplanar. I tillegg til kommuneplanen sine overordna mål har kommunedelplan for oppvekst arbeidd vidare med eigne målsettingar som er relatert til hovudmåla i samfunnsdelen. Arbeidet førte fram til eit planforslag som kommunestyret vedtok å leggje ut til offentleg høyring og ettersyn. Etter høyringsperioden har prosjektgruppa revidert planen med omsyn til innkomne merknader. Kommunedirektøren legg no fram planen for endeleg vedtak i kommunestyret.

### **Sakshistorikk**

Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034 er utarbeidd i det digitale plansystemet Framsikt. Planen har i heile prosessen vore tilgjengeleg i internt nett via testpublisering frå systemet. Endeleg plan vil vera ein digital plan i Framsikt, men det verte produsert ein eksport av planen sitt innhald til eit PDF-dokument, slik at dei som ikkje kan bruka digital plan kan få tilgang til denne analogt.

Her er lenke til digital plan (intern lenke): [Kommunedelplan for oppvekst](#)  
PDF-eksport av planen er vedlagt.

Proessen fram til framlegg endeleg vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan oppvekst vart godkjend 10/11-20.

Programmet er ein «plan for planlegginga» og gjennom det vart det politisk vedtaka at desse fokusområda skulle vera retningsgjevande for det vidare arbeidet med planforslaget:

- Inkluderande fellesskap
- Tidleg innsats
- Læring, livsmeistring og utvikling
- Tverrfagleg samarbeid
- Fattigdom i barnefamiljar
- Digitalisering av sektoren
- Helsefremjande oppvekst

I det vidare arbeidet med planforslaget vart det samstundes med felles medverknad invitert ulike referansegrupper til medverknadsmøte/verkstader samt intern undersøking. Dette arbeidet resulterte i fleire rapportar som inngjekk som grunnlag for utarbeidinga av planforslaget.

Her oversikt for nokre dei viktigaste aktivitetane:

16.06.2021: Styrarar barnehagar  
23.04.2021: Interne samarbeidspartar  
26.04.2021: Politi og BUP med fleire  
27.05.2021: Tverrfagleg gruppe  
13.04.2021: FAU Barnehage  
14.04.2021: FAU Skule  
16.06.2021: Styrarar barnehagar  
23.03.2021: Tilsette  
26.03.2021: Samarbeidspartar  
27.05.2021: Rektorar skule  
27.05.2021: Tilsette barnehagar og skular mfl.  
08.04.2021: Elevråd og ungdomsråd  
26.11.2021: Referansegruppesamling  
10.05.2022: Referansegruppesamling

I heile planprosessen har det samstundes vore jamlege møte med medverknad/informasjon i råd og utval. På bakgrunn av dette omfattande grunnlagsarbeidet vart det i møte med styringsgruppa (Utval for oppvekst, kunnskap og kultur) vedteke seks hovudmål for planperioden. Samstundes tok planen med oppfølging av vedtekne relevante mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedelplan oppvekst sine seks hovudmål vart desse:

1. Barn og unge opplever å høyre til.
2. Barn og unge blir sett og ivaretatt.
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida.
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider.
5. Barn og unge vert møtt av kompetente vaksne.
6. Familjar opplever eit godt tenestetilbod.

Om planen:

Til arbeidet med planen har prosjektgruppa nytta planmodulen i Framsikt. Alver kommune har tidlegare nytta Framsikt til økonomiplanlegging og har no utvida systemet med planar og verksemdstyring. Førremona med ein digital plan som inngår i eit felles overordna system er at mål og tiltak vert tilgjengeleg for heile systemet. Intensjonen er at vedtekne planar vert direkte tilgjengeleg for vidare oppfølging i økonomiplan og verksemdplan.

Planen har følgjande oppbygging:

## 1. Førreord

Litt om målsetting for planen og innleiande oversikt for innhaldet i planen.

## 2.0 Innleiing

Fagleg plassering av oppvekstsektoren. Enkel gjennomgang av planprosessen og plansystemet. Forklaring på korleis denne planen inngår i eit overordna plansystem.

## 3.0 Kunnskapsgrunnlag

Statistikk og anna innhenta kunnskap vert presentert.

## 4.0 Tenesteskildringar

Skildring av dei ulike fagdelane innan oppvekstsektoren

## 5.0 Saman om ein god oppvekst

Viktige faglege rammer for oppvekstsektoren vert presentert.

## 6.0 Hovudmål, delmål og strategiar

Hovudmål med tilhøyrande delmål vert presentert. Desse er tilknytt strategiar for som skildrar kva som skal gjerast for å nå måla.

## 7.0 Handlingsdel

Fireårig handlingsdel der planen lister opp forslag til tiltak som treng finansiering og tiltak som skal løysast innan eksisterande rammer.

## 8.0 Møteplassar og team

Oversikt for alle arenaer for samhandling innan oppvekst i Alver kommune.

## 9.0 Kjelder

Referansar til kjeldemateriale som er brukt i planarbeidet.

### **Vurderingsgrunnlag**

Prosjektgruppa for kommunedelplan oppvekst har no handsama alle merknadene som vart sendt inn under offentleg høyring og ettersyn i perioden 15/10-22 til 1/12-22.

Merknadene er sett opp i vedlagte merknadsoversikt der prosjektgruppa har gjennomgått og kommentert alle. I oversikta er det også kommentert kva merknaden har ført til av endring i planen.

For detaljar om dette sluttføringsarbeidet visast til nemnde merknadsoversikt, men det generelle inntrykket av merknadane er at planen er godt gjennomarbeidd og at den får mykje gode attendemeldingar, mellom andre frå overordna mynde som Statsforvaltar og Fylkeskommune.

Planen er ordrik, men samstundes er vurderinga at det i den digitale utgåva av planen er mogeleg å manøvrere meir direkte til enkeltdelar.

**Vurdering:**

Planen framstår som godt gjennomarbeidd og dekkjande for både hovudmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel og dei hovudsatsingane som vart trekkte fram i kommunedelplanen sitt planprogram. Det er gjennomført ein omfattande planprosess med stor grad av medverknad. Planen er no integrert i kommunen sitt styringsstøtteverktøy Framsikt, noko som gjer det mogeleg med tettare oppfølging av handlingsdelen i planen.(Årleg rullering).

Kommunedirektøren vurderer at kommunedelplan for oppvekst 2023-2034 no er klar for slutthandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at «Kommundelplan for oppvekst 2023-2034» vert endeleg vedteke av kommunestyret slik den er lagt fram digitalt, med vedlagt kopi i dokumenteksport.

Vedtaket vil gjerast med heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

**Vedlegg i saken:**

27.01.2023	Høyringsskjema med kommentar	1871833
27.01.2023	KDP_oppv_FramsiktExport_26012023	1871869

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-144, Plannavn-  
Kommunedelplan  
for Barnehage og  
Skulebruk, Komnr-  
4631

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver kommunestyre	

## Oppstart kommunedelplan - Barnehage og skulebruksplan og vedtak om offentlig høyring og ettersyn planprogram

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og at det samstundes vert lagt ut planprogram for planen til offentlig høyring og ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg gjev kommunestyret løyve til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgensa opp til stipulert kostnad på 1 million kroner.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13)  
Til finansiering nyttast disposisjonsfondet.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.  
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saka gjeld

Alver kommune skal utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan. Dette i samsvar med vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026. I saksutgreiinga har kommunedirektøren lagt inn framlegg om å starte prosessen med utarbeiding av barnehage- og skulebruksplan. Planen skal vere hjelp i arbeidet med å møte demografiendringane i samband med barne- og elevtalsutviklinga i kommunen.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

I sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026 vart det fremja å starte prosessen med ny barnehage

og skulebruksplan for Alver kommune. I dette saksframlegget vert det difor lagt fram framlegg til planprogram og oppstart av planarbeid i samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova. Planen skal gjennomførast som ein kommunedelplan.

### **Vurderingsgrunnlag**

- Lovverk
  - [Barnekonvensjonen](#)
  - [Barnehage-lova](#)
  - [Opplæringslova](#)
  - [Plan- og bygningslova](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23 \(Regjeringen.no\)](#)
- [Kommuneplan for Alver kommune, samfunnsdelen](#)
- [Kommunedelplan for oppvekst](#)

Arbeidet med [kommuneplanen sin arealdel \(KPA\)](#) som er pågåande. Planlagt offentleg høyring og ettersyn for KPA er sett til hausten 2023.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren vurderer at det er viktig å komme i gang med denne planen. Den vil ha stor nytte i det vidare arbeidet med ein best mogeleg struktur for barnehagar og skular i Alver kommune. Prosjektet bør gjennomførast som ein kommunedelplan med omsyn til dei planleggingsaktivitetane som prosessreglane i plan og bygningslova legg opp til. Difor er rådet å starte planprosessen med å kunngjere planoppstart og samstundes leggje ut planprogram til offentleg høyring og ettersyn. Gjennom dette sikrast ein open og inkluderande prosess omkring dette viktige tema.

### **Alternativ**

Nullalternativ , fortsettje som i dag med barnehage og skulebruk som for tre kommunar. Planlegging, finna nye løysingar for Alver kommune sin framtidige barnehage og skulebruk.

### **Økonomiske konsekvensar**

Prosjektet er tenkt gjennomført med bruk av konsulent. Tidlegare erfaring frå Lindås kommune gjev at kostnaden den gang var på om lag kr 500.000. Kostnad vil truleg vere høgare enn dette i dag. Det vert difor teke utgangspunkt i stipulert kostnad omkring 1 million kr. Konsulentopdrag under ca 1.2 million kr kan gå som avgrensa tilbodskonkurranse der tre kvalifiserte konsulentar vert invitert til å delta. Endeleg kostnad vil avgjerast av kva resultat av tilbodskonkurransen vert.

### **Risiko**

Det er i utgangspunktet tre tidlegare kommunar sin barnehage og skulebruk som no skal sjåast undet ett. Det vil vera ein risiko at tidlegare praksis framleis vil prege planarbeidet. Det kan og vere at ulike kulturar innan desse praksisane kan vera utfordrande å endre på.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og samstundes leggje ut planprogram for planen til offentleg høyring og

ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg rår kommunedirektøren til å løyve midlar til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgensa til stipulert kostnad 1 million kroner.

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023	KDP_barnehage_skulebruksplan_FramsiktExport_27012023	1872073
31.01.2023	Mandat_for_Barnehage og skulebruksplan	1872410
31.01.2023	Prosjektforslag_for_Barnehage og skulebruksplan	1872411

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-AO, TI-&14  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Ungdomsråd	06.02.2023
005/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

## Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune skuleåret 2021-22 er teken til orientering.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saka gjeld

Meldinga er heimla i Opplæringslova § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling:

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.

Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Tilstandsrapporten gir ein presentasjon av tilstanden i grunnskuleopplæringa i Alver kommune for skuleåret 2021-22, og inneheld ei skildring av status, lokale mål for utvikling samt vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

Rapporten blir drøfta i Ungdomsrådet den 06.02.23, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.23 og i kommunestyret 23.02.23.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

Det er utarbeidd ein nasjonal mal for tilstandsrapport for skule, som er tilgjengeleg på heimesida til Utdanningsdirektoratet. Ved utarbeiding av tilstandsrapporten for Alver er nasjonal mal brukt. I tillegg er det lagt inn eit kapittel med ein kort presentasjon av skulane (faktaopplysningar tal elevar og tilsette samt satsingsområde), i tillegg til kapittel med presentasjon av skuleeigar sitt system for kvalitetsoppfølging av skulane og eit avsluttande kapittel med skildring av utfordringsbilete for grunnskulen i Alver kommune.

#### **Vurdering**

Det er fleire faktorar som har hatt påverknad på data som er presentert i rapporten. Skuleåret starta med restriksjonar knytt til pandemien, og det var avgrensa rom for sosialt fellesaktivitetar i skulen og på fritida. Skulane har gjort eit godt arbeid i høve til å skape trygge rammer for undervisninga.



Frå nasjonalt hald er dei nasjonale prøvane endra dei siste åra, slik at resultat for skuleåret 2021-22 ikkje er direkte samanliknbare med resultat frå tidlegare år. Etter eit par år med pandemi og med fritak frå grunnskuleeksamen, har vi heller ikkje data om eksamen eller grunnskulepoeng som kan samanliknast eller presenterast. Data som er presentert i rapporten viser at det er behov for å arbeide heilskapleg og systematisk med analysekompetanse og oppfølging av resultat samt utvikling av praksis.

#### ***Partar***

Rapporten blir lagt fram for politisk i samsvar med føringar i opplæringslova, med endeleg drøfting i kommunestyret.

#### ***Økonomiske konsekvensar***

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få økonomiske konsekvensar.

#### ***Miljømessige konsekvensar***

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få miljømessige konsekvensar.

#### ***Organisasjonsmessige konsekvensar***

Det er allereie starta opp arbeid med organisasjonsutvikling med fokus på å byggje ein sterkare Vi-kultur mellom skulane. Sjølv om det er to år sidan vi vart Alver kommune, er det framleis behov for å styrkje fellesskapet og halde fram med etablering av felles praksis.

#### ***Risiko***

##### ***Vurdering av særskilte grupper***

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få nokre miljømessige konsekvensar.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune skuleåret 2021-22 blir teken til orientering.

#### **Vedlegg i saken:**

31.01.2023 Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022

1872576

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-A20, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 02.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

### **Oppfølging av vedtak - elevar frå tidlegare Åsheim krins**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert vedteke.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Saka gjeld**

I vedtak frå 16.06.2022 ber kommunestyret kommunedirektøren om å gå i dialog med Austrheim kommune med sikte på å framforhandla ein avtale for 1.-7. trinn som gjeld elevar i tidlegare Åsheim skulekrins. Ein avtale skal leggjast fram for kommunestyret hausten 2022. Alver kommune si rolle som skuleeigar skal bli ivarettatt og for desse elevane. Det er i vedtaket poengtert at Lindås barneskule er nærskulen til elevane, og at dei skal bli invitert til innskriving der.

#### **Saksopplysningar**

Kommunestyret Alver vedtok 17.09.2020 forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Kommunestyret Alver vedtok 26.11.2020 at elevar i tidlegare Åsheim skulekrins har Lindås barneskule som sin nærskule

Kommunestyret Alver vedtok 25.03.2021 – elevane som gjekk på skulen kunne få avslutta skulegangen på Kaland.

Det føreligg samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar som gjeld elevar som våren 2021 gjekk på Kaland skule og som vil halda fram på Kaland skule sjølv om Lindås barneskule er deira nærskule.

Det er etablert ressursavtale/opplæringsavtale for dei to elevane som byrja i 1. klasse på Kaland skule skuleåret 2022/23.

Framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar vart lagt fram for formannskapet 01.12.2022 – utsetjingsvedtak.

Ny framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert no lagt fram for kommunestyret.

#### **Lovgrunnlag**

Opplæringslova § 8-1, tredje ledd.

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

#### **Vurdering:**

Alle elevar i Alver har individuell rett til å søkje om å gå på annan skule enn nærskulen, jfr. Oppl. § 8-1 tredje ledd. Det er og høve til å søkje om å gå på annan skule i annan kommune. Søknader vert individuelt handsama med utgangspunkt i retten til å gå på nærskulen og retten til opplæring. Ved skulegang i annan kommune vert det oppretta eigen ressursavtale mellom kommunane med utgangspunkt i gjeldande gjesteelevssatsar.

Det er framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar der elevane i barneskulealder som bur i den tidlegare Åsheimkrinsen kan få søkje om å gå på Kaland skule i Austrheim.

Formannskapet vedtok 01.12.22 å utsetje saka for å gjennomgå avtalen på ny for å få inn tekst om «varighet og mulighet til reforhandling». I tillegg vart det vedtatt endring i tekst i §1. I avtaleteksten er det no lagt til ein §9 som omhandlar iverksetjing, avtaleendring og oppseiing. Det er semje mellom Austrheim og Alver kommunar om desse endringane. Avtalen vert no lagt fram for kommunestyret.

Avtalen regulerer kostnadane og sikrar at Alver si rolle som skuleeigar vert ivaretatt for desse elevane. Lindås barneskule er elevane sin nærskule og elevane må aktivt søkje om å få gå på Kaland. Ungdomsskuleelevane frå denne krinsen går på Lindås ungdomsskule.

Avtale er vedlagt.

Lindås barneskule vil ivareta behov for informasjon til skulestartarar om høve til å søkje. Rutine for dette vil bli utarbeida.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert vedteke.

#### **Vedlegg i saken:**

31.01.2023 Samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar om elevar til Kaland skule

1868795

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-  
B06, TI-&13  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 02.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

## Justering av vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

### Politisk handsaming:

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

### Saka gjeld:

Justering av vedtekter i skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune på bakgrunn av forskriftsendringar.

### Bakgrunn:

I tida frå juni 2021- november 2022 er det gjort følgjande tilføyingar og endringar i lovverket som omhandlar skulefritidsordningar organisert med heimel i opplæringslova §13-7

Saka kjem opp i utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune då endringane i forskrifta får følgjer for korleis skulefritidsordningane i kommunen skal driftast. I forlenginga av endringane som er gjort i lovverket siste to åra, må kommunen justere vedtektene for skulefritidsordninga i Alver.

Alver kommune må ta stilling til følgjande:

1. Ny tekst i vedtektene som samsvarar med nye og innførte lovkrav.
2. Tidsramme for 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for elevar på 1. trinn.
3. Endring av opphaldstidene som konsekvens av innføring av betalingsfri ordning.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur har sendt forslag til endring i tidsramme og opphaldstid på høyring hjå skulane sine råd og utval samt arbeidstakarorganisasjonane og ungdomsrådet. Høyringsfrist vart i første omgang sett til 21. oktober 2022. Fristen vart utvida til 31. oktober 2022, for å få inn flest mogleg innspel.

Då det i samband med handsaminga av statsbudsjett for 2023 vart vedtatt at ordninga med 12 timar betalingsfri og skal gjelde for elevar på 2. trinn frå hausten 2023 er dette tatt med i den vidare handsaminga av forskriftsjusteringane.

## Saksopplysningar:

Alver kommune har 17 skular med tilbod om skulefritidsordning. Alver kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane. Drift av skulefritidsordninga er heimla i opplæringslova §13-7 samt dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og vedtekter.

Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vart vedteke 20.02.2020 med justering 17.12.2020. Endring av forskrift gjer at det er behov for ny justering av vedtektene. Utgangspunktet for endringane er:

- I 2020 lovfesta rett for barn frå 1.-7. trinn med særskilde behov å få plass ved skulefritidsordninga. Plassen for barna frå 5.-7. trinn skal vere betalingsfri.
- I 2021 innført rett til reduksjon i foreldrebetaling i skulefritidsordninga for familiar med låg inntekt.
- 2022 vedtatt innført 12 timar gratis opphaldstid i veka i skulefritidsordninga for elevar på 1. trinn.
- 2022 i handsaming av statsbudsjettet vedteke at 12 timar betalingsfri SFO også skal gjelde elevar på 2. trinn frå og med skuleåret 2023/2024.

Forskriftsendringane gjev føringar for korleis SFO- tilbodet skal organiserast i kommunen. Den mest inngripande endringa er forskriftsendringa datert 14. juni 2022 om 12 timar betalingsfri. Kommunen skal fastsetje når på dagen desse betalingsfrie timane skal liggje. Dei 12 betalingsfrie timane skal liggje fast. Det er kun i dette tidsrommet brukarane har rett på betalingsfri. Kommunen kan krevje betaling for kost. Dersom kommunen tilbyr skulefritidsordning på undervisningsfrie dagar, gjeld fritaket også i desse periodane.

Forskriftsendringa endrar behovet og den praktiske innretninga av tilbodet i skulefritidsordninga i Alver. Kommunen må difor vurdere korleis ein på ein best mogleg praktisk måte kan fastleggje opphaldstidene i skulefritidsordninga.

Det var presisert i høyringsdokumentet frå utdanningsdirektoratet at kommunane, som konsekvens av forskriftsendringa, må endre vedtektene for skulefritidsordninga etter lokal høyringsrunde i tråd med forvaltningslova §37.

For SFO-året 2022/23 er det utforma ei mellombels ordning for Alver basert på UDIR sitt høyringsutkast.

Forslag til endring har no vore på høyring. I høyringsrunden har ein ein først og fremst om innspel på forslag til tidsramme for 12 timar betalingsfri og generelle opphaldstider/plasstypar for ordninga.

I høyringsdokumentet bad ein om innspel på følgjande:

### 1. Ny tekst i vedtektene:

Det er komme tilføyningar i lovverket som gjer at Alver kommune må til å endra vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune. Desse tilføyningane kan ikkje veljast vekk. Følgjande vert foreslått lagt til vedtektene for skulefritidsordninga:

*Tilføyd ved forskrift 2. juli 2020: Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning for barn med særskilde behov på 1.-7. årstrinn. Tilbodet på 5.-7. årstrinn skal vere gratis. Kommunen kan likevel krevje betaling for kost.*

*Tilføyd ved forskrift 20.juni 2021: Familiar med låg inntekt har rett på reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1.- 4. trinn. Foreldrebetalinga skal maksimalt utgjere 6 % av inntekta til hushaldet. Betaling for kost kan komme*

i tillegg.

Tilføyd ved forskrift 13. juni 2022: Kommunen skal gi fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for elevar på 1. årstrinn som har plass i skulefritidsordninga. Kommunen avgjer kva dagar og når på dagen ordninga gjeld. Kommunen kan krevje betaling for kost. Dersom kommunen tilbyr skulefritidsordning i feriane til skolen, gjeld fritaket også i desse periodane.

I høyringsperioden vart ordninga ytterlegare utvida:

Vedteke i statsbudsjettet, november 2022: Fritak frå 12 timar foreldrebetaling i SFO også for 2 trinn frå hausten -23.

## 2. Tidsramme for 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for 1. trinn:

For fastsetjing av tidsramme bad me om innspel på to alternativ:

Alternativ I:

	Man	Tirs	Ons	Tors	Fre
Etter skuletid	2,5 t	2,5 t	2,5 t	2,5 t	2,0 t

Alternativ II:

	Man	Tirs	Ons	Tors	Fre
Før skuletid	0,5 t	0,5 t	0,5 t	0,5 t	0,5 t
Etter skuletid	2,0 t	2,0 t	2,0 t	2,0 t	1,5 t

Dei 17 skulane har i dag rigga tilbodet om skulefritidsordninga på ulike tidspunkt då skulane avsluttar undervisninga til ulike tider. Alternativ I vart prioritert i den mellombelse løysinga, men ein måtte gjere lokale justeringar for/på den einskilde skule. Årsak til det var at nokre av skulefritidsordningane ikkje hadde opningstider som kunne dekkje inn dei betalingsfrie timane kvar dag etter undervisning. Ein fekk såleis ikkje retten oppfylt med 12 timar betalingsfri skulefritidsordning kvar veke. Alternativ II tek i større grad omsyn til dei lokale tidsrammene for skulefritidsordningane. Føresette har ofte eit tilsynsbehov for borna både før og etter skuletid.

## 3. Opphaldstider:

Opphaldstidene er i dag:

Heil plass 15 t/v eller meir

Halv plass 7 -14 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Opphaldstidene er laga for å imøtekomma familiar sitt behov for ulike opphaldstider, eit oversiktleg og føreseieleg tilbod og høve til å planleggje bemanning på SFO. Med ulike opphaldstider for eit barn følgjer også ulik pris for opphaldet- alt etter kva plass ein vel for sitt barn. Som følgje av innføring av 12 timar betalingsfri for 1. trinn vert opphaldstidene som i dag er gjeldande mindre formålsteneleg då dei ikkje samsvarar med 12 timar. Ein kan møte denne utfordringa på ulike måtar:

#### Alternativ I:

##### **For 1. trinn:**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 0-12 t/v

##### **For 2.-4. trinn:**

Heil plass 15 t/v eller meir

Halv plass 7 -14 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Elevar på 1. og 2. trinn får endra opphaldstider, som samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane dei har rett på. Elevar på 3.-4. trinn held fram med noverande opphaldstider. Dette alternativet vil medføre auka administrering av påmelding og fakturering. Førebels erfaring knytt til den mellombelse ordning for 1. trinn for å ivareta retten til 12 timar betalingsfri skulefritidsordning viser dette.

#### Alternativ II:

##### **For 1.-4. trinn**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 7-12 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Ein justerer opphaldstidene for alle elevar frå 1. – 4. trinn, slik at opphaldstida samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane elevar på 1. trinn har rett på. Ein vidarefører ordninga med korttidsplass. Dette alternativet gjev eit heilskapleg og likt tilbod til alle barn som har plass ved skulefritidsordninga.

### Alternativ III:

#### **For 1.- 4. trinn:**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 0-12 t/v

Ein justerer opphaldstidene for alle elevar frå 1. – 4. trinn, slik at opphaldstida for halv plass samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane elevar på 1. trinn har rett på. I dette forslaget er korttidsplass tatt vekk.

#### **Vurdering:**

Det er komme inn 8 høyringsvar. Høyringsvara er frå Knarvik barneskule, Leiknes skule, Sæbø skule, Seim skule, Eikanger skule, Rosslund skule og Alversund skule. I tillegg har Delta gjeve høyringsvar.

Nokre av høyringsvara omtalar også bemanning. Me har ei gjeldande bemanningsnorm i dagens vedtekter, og endring vil ikkje bli vurdert i samband med denne justeringa av vedtekter.

Dei skulane som har gjeve høyringsvar ønskjer at ein legg gratistida primært til etter skuletid, alternativ 1. Opningstida på nokre skular tilseier at dei 12 betalingsfrie timane ikkje kan bli fylt opp etter skuletid. Med dette alternativet vil det føre til at ein må justere den betalingsfrie tida ved enkelte skular.

Vidare ønskjer samtlege av dei som har gjeve høyringsvar alternativ II i høve til plasstypar/opphaldstypar. Ein justerer med dette opphaldstidene for alle elevar frå 1. – 4. trinn, slik at opphaldstida samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane elevar på 1. trinn har rett på.

I høyringsrunden bad ein om innspel på tre alternativ til fastsetjing av tidsramme. Erfaring frå bruk av ordninga hausten 2022, også i tida der utkastet har vore på høyring, gjer at ein og har tatt til vurdering om den ytre tidsramma for dei 12 betalingsfrie timane og den generelle opningstidene skal vere dei same.

Ei slik ytre ramme vil gje innbyggjarane stor grad av fleksibilitet til å nytte den betalingsfrie ordninga ut frå sine behov. Det vil og vere ei ordning som er lett å administrere. Ei slik organisering vil ikkje medføre auka kostandar ut over det som kommunen får refundert frå staten.

Alternativa som har vore på høyring kan ha ein uheldig effekt for einskilde innbyggjarar. For snevre rammer for plassering av dei 12 timane vil kunne medføre at ein måtte betale for deler av opphaldet sjølv om ein samla sett ikkje nytta meir enn 12 timar. Ein bør unngå ein slik uheldig effekt. Er den ytre ramma for betalingsfri ordning den same som for opningstida vil halv plass og korttidsplass vere betalingsfri for 1. og 2. klasseelevar uansett kva løysing foreldra vel for når barna skal vere til stades på SFO.

Det er belyst i høyringsvara at ei avgrensa tidsramme for bruk av 12 timar betalingsfri t.d. til berre å gjelde for SFO på ettermiddag vil skape færre utfordringar for bemanning.

Intensjonen bak ordninga er å styrkje fellesskapsskulen, der alle elevar har høve til å delta uavhengig av foreldra sin økonomi. Alver kommune sine delmål i kommunedelplanen for oppvekst seier at alle innbyggjarane i Alver skal oppleve at terskelen for å delta i aktivitetar vert seinka, og at ein såleis aktivt skal arbeide for å førebyggje utanforskap. Med denne ordninga utjamnar ein ulikskapane og bidreg til ei lik moglegheit for å delta.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår følgjande tilføyningar under punkt 5. Foreldrebetaling i vedtekter for



skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune (endringar understreka):

*Foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Berekninga skjer etter sjølvkostprinsippet med utgangspunkt i § 13-7 i Opplæringslova. Fakturering skjer 11 gongar pr. år for barn med tilbod om 11 månader. Juli er då betalingsfri månad. Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juli og august er betalingsfrie. Prisauke skal varslast 1 månad på førehand. Kvar SFO kan i tillegg krevja inn matpengar.*

*Elevar på 1. og 2. trinn har rett til 12 timar betalingsfri SFO i veka. Denne ordninga gjeld uavhengig av om eleven har heil eller deltids plass. Dei 12 betalingsfrie timane kan fleksibelt nyttast innan opningstida.*

Følgjande opphaldstider vert lagt til grunn for fastsetjinga av betalingsssatsar:

**For 1.- 4. trinn:**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 7-12 t/v

Kortidsplass:0-6 t/v

*Det vert fastsett dagsats for tilfeldige heile dagar og betalingsssats for ekstra timar på SFO. Dagsats er gjeldande for heile SFO-året, men skal ikkje vera ei fast ordning. Kjøp av dagsats eller enkle timar skal berre vera til tilfeldig/sporadisk bruk, og ikkje som fast avtale. Då viser ein til satsar for fast plass.*

*Familiar med låg inntekt har rett på reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1.- 4. trinn. Foreldrebetalinga skal maksimalt utgjere 6 % av inntekta til hushaldet.*

*For barn med særskilde behov frå 5.-7. trinn skal SFO gje tilbod om gratis tilsynsordning.*

*Manglande betaling og for sein henting kan føra til tap av SFO-plass.*

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023	Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune- med endringar	1870249
31.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga	1873138
31.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga	1873139
30.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga	1873140
31.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga	1873141
31.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga	1873142
31.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune	1873143
31.01.2023	Høytingsresultat Seim skule - Justering av vedtekter for SFO	1873144
30.01.2023	Høyring – Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i	1873145

Alver kommune

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-A10  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

### Utviding av tal teljetidspunkt barnehage

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningsline kjem opp som eiga sak i juni 2023.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Saka gjeld

Saka er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret 15.12.22, gjeldande sak 182/22 Økonomiplan 2023-2026.

I vedtaket er det knytt til fleire verbalpunkt, mellom anna eit punkt om teljetidspunkt barnehage. I

verbalpunktet med tittel Tenesteyting barnehagar og barnehagestrukturplan står det:

**«Vi ønskjer at det vert innført tre teljetidspunkt pr. år. Dette vil ha innverknad på kommunen sin økonomi. Folkepartiet trur også at dette vil gjøre det enklere for foreldre og barnehage å ta inn nye barn inne i ett barnehage år. Dette ses på som nødvendig ihht. kommunen sin økonomiske situasjon».**

Ordlyden i verbalpunktet blir forstått som ein intensjon om å innføre tre teljetidspunkt for barnehagane i kommunen, og framlegg til vedtak frå kommunedirektøren si side byggjer på denne forståinga.

#### Saksopplysningar

##### Bakgrunn:

Fleire kommunar har innført fleire teljetidspunkt i året. Etter Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, § 12 Rapportering av barn i private barnehager kan kommunen «i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner.»

#### Sakshistorikk

Temaet har tidlegare vore handsama politisk i 2021, og i sak 080/21 fremja kommunedirektøren å innføre følgjande tre teljetidspunkt i året; 15. februar, 15. august og 15. desember. Kommunestyret fatta den gong vedtak om å halde på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, og at det skulle vere 15.12, som er den obligatoriske teljedatoen i samband med BASIL-rapporteringa.

### **Vurdering**

Dei største endringane i forhold til tal barn i barnehagane i Alver kommune er knytt til nytt barnehageår. Dei eldste barna i barnehagen startar på skulen og nye barn tar til i barnehagen. Barna har rett til barnehageplass frå fylte 1 år 1. september, 1. oktober og 1. november, og kommunen har krav på seg om å tilby barnehageplass i samsvar med denne retten. I praksis betyr det at barn etter søknad, har rett til barnehageplass frå fylte 1 år frå august av og ut over hausten, uavhengig av tal teljetidspunkt.

Med fleire teljetidspunkt i året, vil barnehagane få kompensert for barn som blir tatt opp i løpet av barnehageåret.

Ved å innføre teljetidspunkt også 1. september, får kommunen høve til å regulere tilskot til dei private barnehagane i samsvar med det reelle barnetalet i barnehagen i august, heller enn å vente til etter 15.12.

### **Partar**

Saka er relevant for både private barnehagar og kommunen.

Private barnehagar representert ved eigar vil ha interesse i berekningsgrunnlaget for tildeling av tilskot til drift av barnehagen, og er difor definert som part i saka.

Kommunen er også å rekne som part i saka, då det er drifta i dei kommunale barnehagane som danner grunnlag for tilskot til dei private barnehagane samt at tal teljetidspunkt får konsekvens for kommunen sine overføringar til private barnehagar.

Administrasjonen har sendt informasjon om at saka skal til politisk handsaming i februar til dei private barnehagane i kommunen, og invitert dei til å kome med innspel til saka.

Det er kome to innspel. Det eine frå Knarvik barnehage og det andre frå PBL Alver. Innspela er lagt ved som vedlegg til saka.

**Knarvik barnehage** ved dagleg leiar har kome med fire innspel til saka. Dei er strukturert etter følgjande oppsett:

#### 1. Rett til barnehageplass

Barnehagen viser til at barn som fyller 1 år ut over hausten har ein lovfesta rett til barnehageplass, og at med teljedato 01.09 vil ikkje barnehagen få tilskot for barn som startar i barnehagen frå 02.09 og til 15.12. Tap av inntekter i fleire månader vil få store konsekvensar for drift.

#### 2. Sikre kvalifisert bemanning

Barnehagen viser til at det er uheldig at det blir skapt ein usikkerheit rundt tilskot og inntekt. Konsekvensen av ein teljedato i september kan vere permittering av personale for kortare eller lengre periode. Barnehagen stiller spørsmål ved kva det vil ha å seie for å sikre eit kvalifisert pedagogisk personale, samt korleis kommunen vil løyse personalsituasjonen i forhold til tilsetjing og permittering gjennom barnehageåret.

#### 3. Administrative kostnader

Barnehagen ber om at det blir utarbeida oversyn over auke i kostnader ved innføring av fleire

teljedatoar.

#### 4. Ledige barnehageplassar

Barnehagen viser til at administrasjonen har vist ei uheldig framstilling av tal ledige barnehageplassar i kommunen, og ber om at det faktiske talet blir presentert for politisk.

#### **PBL Alver sine innspel til saka er sett opp i tre hovudpunkt:**

##### 1. Innspel til sakshandsaminga

PBL Alver takkar for at dei fekk høve til å kome med innspel til saka. Dei reagerer på at vedtak som har vesentlege og strukturelle innverknader på barnehagane, ikkje blir konsekvensvurdert før vedtak. Dei kan ikkje sjå at det reelle tal ledige plassar (pedagogisk kapasitet) er brukt i saksgrunnlaget. Dei viser til at ei sak om teljetidspunkt er for viktig for barn, føresette og tilsette i barnehagane i Alver til at det kan vedtakast som eit kulepunkt i budsjetthandsaming. Saka må greiast ut på førehand og barnehagane må få kome med innspel før politikarane skal ha det til behandling.

PBL Alver viser til at tida dei har fått til å uttale seg på, er uakseptabel kort.

Vidare viser PBL Alver til det dei vurderer er ein faktafeil i høve til tal ledige barnehageplassar i kommunen, at forutsigbarheit er ein føresetnad for å kunne tilby eit barnehagetilbod med høgt fagleg innhald, god og kompetent bemanning og trygge arbeidsplassar. Dei meiner at innføring av fleire teljetidspunkt i løpet av året gir vesentleg fleire negative konsekvensar enn positive. Sjå vedlegget for fleire detaljar.

##### 2. Tilråding frå PBL Alver

PBL Alver seier at om barna skal få det beste tilbodet dei fortener, meiner PBL Alver at vi må halde på ein teljedato, 15.12.

Dei seier vidare at barnehagetenesta må i samarbeid kome fram til gode føreseielege avtalar der barn får plass i barnehage når dei treng det, haust og vår. Barnehagane må sikrast rammevilkår som gir forutsigbarheilt på minimum eitt år om gongen.

##### 3. Innspel til retningsliner

PBL viser til avtale om å ta inn barn ved ledig kapasitet gjennom året. Ved innføring av tre teljetidspunkt kan det føre til mindre fleksibilitet, då dette vil føre til tre opptak i staden for løpande opptak.

PBL seier dei gjerne vil delta i arbeidet med utarbeiding av retningsliner for berekning av tilskot og justering av retningsliner for opptak. For å kunne gjere eit grundig arbeid og sikre medverknad, treng dei lengre tid på å kome med sine innspel.

Dersom tre teljetidspunkt blir vedtatt, ønskjer dei å kome med innspel om at barn som har ein lovfesta rett til barnehageplass fram til 30.11.xx blir tatt med i teljinga i september. Dei viser til at dette blir praktisert i andre kommunar.

#### **Vurdering av innspela frå Knarvik barnehage og PBL Alver:**

Med eitt teljetidspunkt vil barnehagane få tilskot etter tal barn i barnehagen ved teljing. I dag er det 15.12. Barn som får plass i barnehagen etter 15.12.22, er ikkje med i grunnlag for tilskot før neste teljing, 15.12.23. Ved fleire teljetidspunkt i året, kan barnehagane få tilskot for barn som startar i barnehagen på eit tidlegare

tidspunkt enn ved berre eitt teljetidspunkt. Innføring av fleire teljetidspunkt vil vere til gunst for dei private barnehagane som tar inn barn etter teljetidspunktet 15.12 og i løpet av barnehageåret.

Teljetidspunkt i september vil vere knytt til nytt barnehageår og det tal barn som barnehagane har dette året. For dei fleste barnehagane vil tal tilsette vere tilpassa tal barn, slik at barnehagen oppfyller pedagog- og bemanningsnorm, og dette vil vere regulert frå byrjinga av barnehageåret i august. Teljetidspunkt i september skal ut frå ein slik praksis ikkje føre til usikkerheit i høve til bemanning eller behov for å seie opp tilsette etter teljing.

Det kan vere aktuelt å dokumentere kva innføring av fleire teljetidspunkt har å seie for kapasitet og oppgåver i administrasjonen, men desse oppgåvene er meint å skulle løysast innfor eksisterande rammer.

Politisk leiing i kommunen har fått presentert tal ledige barnehageplassar både ut frå eksisterande godkjenningar for den einskilde barnehage og barnehagane sine vurderingar av kapasitet ut frå pedagogiske vurderingar.

Det er positivt at PBL Alver ønskjer å delta i prosess med utarbeiding og justering av retningsliner for tilskot og opptak. Det vil vere ein ressurs å ha dei med i dette arbeidet. Det er forståeleg at barnehagane opplever at frist for å kome med innspel til denne saka var i knappaste laget, og dette må det takast omsyn til i vidare arbeid. Målsetjinga med vidare prosess vil vere å skape tryggleik, kvalitet og forutsigbarheit for barnehagane og kommunen.

Innspelet om å innføre ein praksis der barn som har ein lovfesta rett til barnehageplass fram til 30.11.xx blir rekna med i teljinga i september, kan bli vurdert i samband med utarbeiding av retningslinene.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Dersom det er vesentlege endringar i aktivitetsnivået i ein privat barnehage, skal kommunen berekne tilskotet på nytt. I praksis har Alver kommune definert at vesentleg endring skal vere knytt til om det fører til endring i tal avdelingar i barnehagen.

Fleire teljetidspunkt i året vil medføre at administrasjonen bereknar tilskotet til dei private barnehagane tilsvarende. Kommunen skriv nye vedtak for dei barnehagane som får endring i barnegruppa. Dersom kommunen held fram med dagens praksis, og ikkje innfører fleire teljetidspunkt, vil Alver kommune dei komande åra truleg få høgare utgifter til tilskot private barnehagar enn om ein innfører fleire teljetidspunkt. Dette er knytt til at det er venta færre barn i barnehagane dei komande åra, og at fleire teljetidspunkt vil vere med på å regulere tilskotet i samsvar med det reelle barnetalet i private barnehagar. Dei største endringane i barnetal er knytt til nytt barnehageår.

Døme: Dersom ein privat barnehage får redusert barnetal med 5 barn under 3 år og 3 barn over 3 år til starten av nytt barnehageår, og kommunen har fleire teljetidspunkt, vil dette få følgjande økonomiske konsekvens i høve til tilskot for hausten:

Sats enkeltstående barnehage				
Barn under 3 år	263 550			
Barn over 3 år	130 462			
X barnehage	15.12.2022	01.09.2023	Reduksjon barn	Reduksjon i tilskot haust 2023
småbarn	26	21	5	439 250
store barn	51	48	3	130 462
Totalt reduksjon av tilskot haust 2023				569 712

Den private barnehagen får då tilskot i samsvar med faktisk barnetal i barnehagen frå august av. Som skildra utgjer det ei stipulert innsparing for kommunen på kr. 569 712.

Sats for tilskot til private barnehagar vert berekna ut frå rekneskapen til kommunale barnehagar 2 år før tilskotsåret, altså er 2021-rekneskapen for kommunale barnehagar grunnlag for berekning av tilskotsatsen til private barnehagar i 2023.

Fleire teljetidspunkt i året vil også bety at ein privat barnehage som tar opp barn utanom hovudopptaket, får justert tilskotet for barnehagen etter ny teljing. Til dømes ved opptak av barn i januar/februar, så kan innføring av eit teljetidspunkt over jul bety at barnehagen får dette kompensert relativt kort tid etter at barnet har byrja i barnehagen. Slik praksis er i dag, vil dette først bli kompensert etter teljing 15.12.

### ***Miljømessige konsekvensar***

Det er ikkje vurdert at innføring av tre teljetidspunkt for barnehage vil få miljømessige konsekvensar.

### ***Organisasjonsmessige konsekvensar***

Innføring av tre teljetidspunkt vil medføre noko meir sakshandsaming og arbeid knytt til berekning og utbetaling av tilskot til dei private barnehagane for administrasjonen. Opplysningane kan hentast ut frå administrativt barnehagesystem, Vigilo.

### ***Risiko***

Den største endringa knytt til tal barn i barnehagen, er som tidlegare sagt relatert til opptak og nytt barnehageår. Dei eldste barna byrjar på skulen og småbarnsavdelinga får nye barn. I tillegg er det naturlege endringar i løpet av året knytt til demografi og flytting.

Tal tilsette i dei kommunale barnehagane blir regulert ved førebuing til nytt barnehageår, når ein veit kor mange barn det skal vere i barnehagen. Ved opptak av nye barn i løpet av året, vil det vere behov for å tilføre ekstra ressursar til bemanning.

Kommunen erfarer at det er fleire barn som kjem til barnehagane i løpet av året, enn tal barn som sluttar eller flyttar.

Innføring av fleire teljetidspunkt har truleg liten innverknad på kvalitet og stabilitet i bemanninga i barnehagen, då barnehagane i stor grad har ei bemanning i tråd med normkrava, og med det har ein praksis med å tilpasse tal tilsette med tal barn i barnehagen. Dette er presentert i kunnskapsgrunnlaget for redusert tal barn i barnehage og skule.

### ***Vurdering av særskilte grupper***

Fleire teljetidspunkt kan bidra til auka omfang av opptak til barnehage i løpet av barnehageåret. Dette kan vere positivt for familiar med særleg behov for barnehageplass.

### ***Kommunedirektøren si tilråding***

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningsliner kjem opp som politisk sak i juni 2023.

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023	innspill til telletidspunkt fra PBL Alver	1871198
31.01.2023	Innspill Sak 23_444 Telletidspunkt 20.01.23 Knarvik barnehage AS	1871199



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-140  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/23	Ungdomsråd	06.02.2023
007/23	Eldreråd	06.02.2023
005/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
009/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver kommunestyre	

## Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Planprogram for kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 slik det ligg føre.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Saka gjeld

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtok i møte 8. november 2022, sak 065/22, å varsle oppstart av arbeidet med kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 og å leggja planprogrammet ut på høyring med høyringsfrist 8. januar 2023. Denne saka gjeld endeleg vedtak av planprogrammet.

### Bakgrunn

Kulturminneplan er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024, som vart vedtatt i kommunestyret 25. mars 2021 (sak 039/21). I Stortingsmelding 16 (2019–2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold vart omgrepet kulturmiljø tatt i bruk som samlenemning på omgrepa kulturminne, kulturmiljø og landskap og vert brukt når feltet vert omtalt som heilskap. Som ei følgje av dette vil omgrepet kulturmiljøplan verta nytta i det følgjande.

Planstrategien seier at kulturmiljøplanen skal ha status som temaplan. For temaplanar er det ikkje krav om å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova, men ved å følgja desse prosesskrava sikrar ein høve til brei deltaking og involvering i planprosessen. Det vert difor lagt opp til å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova i planarbeidet, og i tråd med dette er det det utarbeidd framlegg til planprogram for kulturmiljøplanen.

### Saksopplysningar

Planprogrammet gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, målsetjingar med planen, føremål, føringar for planarbeidet, aktuelle tema for planen, planprosess, medverknad og framdriftsplan. Det er lagt opp til at kulturmiljøplanen skal dekkja heile kommunen og alle tidsepokar, og at ein dermed i løpet av planprosessen også skal vurderer om bygningar eller andre objekt frå vår tid skal prioriterast i planen. Planen er avgrensa til å omhaldla faste, materielle kulturminne og samlingar. Immateriell kulturarv vert omhandla i Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Vedtaket i utval for oppvekst, kunnskap og kultur om å varsle oppstart av planarbeid og å leggja framlegg til planprogram ut på høyring vart kunngjort i fellesannonse i lokalavisa 23. november og 14. desember, på kommunen si nettside, facebook-side og på facebook-sida Kulturminne i Alver. Det vart i tillegg sendt skriv til aktuelle offentlege høyringsinstansar, Alver kulturråd og Alver idrettsråd og lag og organisasjonar i kommunen.



Lindås sogelag	<p>for vurdering. Dette tilhøvet må sikrast i føresegnene. Statens vegvesen har utover dette ikkje vesentlege merknader til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram.</p> <p>Lindås sogelag har den største gjenstandssamlinga i regionen. Dei peikar på at for å få full nytte av denne treng kommunen faste tiltak som kan fungera når eldsjeler er borte og nye generasjonar står framande for si eiga historie. Planprogrammet må difor ta for seg oppretting av eit lokalhistorisk museum, og tilsetjing av formidlingspersonale med kulturhistorisk og museumspedagogisk bakgrunn. I tillegg treng den store samlinga tilfredstillande magasin. Dette gjeld heile samlinga også båtane sogelaget har i Kraftlagsbygget i Alversund og i ishuset på Myksvoll. Samlinga treng å bli tatt hand om av fagfolk som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) for å sikre gode oppbevaringsforhold. Det hadde vore ynskjeleg at museet og samlinga var lokalisert på ein lett tilgjengeleg plass, då særleg med tanke på skuleklassar og viktigheita av å læra å kjenna si historie. I tillegg vonar me at Sissel-Anny Hjelmtveit si samling av dampbåthistorie, bilhistorie og veghistorie med film og gjenstandar som ho har i museet «Gamle Seimstrand» i Seim, også kan få ein plass</p>	<p>Oppretting av lokalhistorisk museum og magasin er omtalt i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Problemstillingane vil også verta handsama i denne planen.</p>
Sissel Anny Hjelmtveit	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ynskjer at det tittelen Kyrkjer og prestegardar tar med gamle kyrkjegardar, gamle vegfar for prestar og kyrkjegjengarar.</li> <li>2. I punktet Kommunikasjon og samferdsel vonar eg at gamle ferdseisvegar kan presiserast og få meir verdi for kommunen og innbyggjarar enn dei får i dag, ved at utbyggjarar, grunneigarar og andre ikkje kan få øydeleggja eller stengja gamle ferdseisvegar, der forfedrane våre gjekk.</li> <li>3. Under siste punktet, Samlingar, vonar eg at samlinga av dampbåthistorie, bilhistorie og veghistorie med film og gjenstandar som eg har i museet «Gamle Seimstrand» i Seim, også kan få ein plass.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tittelen vert endra til Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar. Kapitlet vil omhandla gamle kyrkjegardar, men og verneverdige gravminne på nyare kyrkjegardar.</li> <li>2. Gamle ferdseisårer skal kartleggjast i samband med planarbeidet, og det vil verta vurdert omsynssone for ein del av dei.</li> <li>3. Museet «Gamle Seimstrand» skal omhandlast i planen.</li> </ol>
Lindås bygdelaag	<ol style="list-style-type: none"> <li>4. Lindås bygdelaag ynskjer at Lindåstunet (bygg og hageanlegg) skal få ein verneplan, og sikrast mot rivning og større endringar. Bygget og hageanlegget bør få vern som kulturminne og bevaringsverdige kulturmiljø, på lik linje med Den Trondhjemske postvei og Den indre farleia, i ny Kulturmiljøplan for</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>4. Lindåstunet ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570), men omsynssona har ikkje egne føresegner. Innspelet vert tatt med i samband med KPA.</li> </ol>

	<p>Alver kommune.</p> <p>2. Kulturmiljøplanen bør legge til rette for at det blir laget en strategi for å ta vare på de eldre kulturbygningene og miljøet, som hører til det opprinnelige senter i Lindåsbygden ved dampskipskaia i Spjeldneset</p> <p>3. Bygdelaget ser det som svært viktig å få til en best mulig kulturmiljøplan for Lindåsbygden, og vi ønsker å være en aktiv og positiv medspiller i planprosessen. Vi ber derfor om å få med enrepresentant i referansegruppen</p>	<p>2. Innspelet vert tatt til etterretning.</p> <p>3. Postivt at Lindås bygdelag ynskjer å bidra i planprosessen. Bygdelag vert lagt til i referansegruppa.</p>
Vestland fylkeskommune	<p>4. Når det gjeld temainndelinga så bør ordet gardsbruk synleggjerast saman med jordbruket. Det kan vere at det også kan ha noko føre seg å ha ein temakategori for kulturlandskap samt ein temakategori for andre kulturmiljø, der sistnemnte tek opp i seg kulturmiljø som ikkje passar inn under dei andre temakategoriene.</p> <p>2. Det ideelle hadde vore at ein ferdigstilt kulturmiljøplan låg til grunn før ferdigstilt KPA. Når løpet ikkje er lagt opp slik er det føremålstenleg at planarbeidet, slik det blir vist til i planprogrammet, vert delt i to fasar. Første fase går på å utarbeide forslag til omsynssoner for kulturmiljø H570 og føresegner til andre fase går på ferdigstilling av ein kulturmiljøplan med tematisk del og handlingsplan. Vi vil igjen understreke at det må settast av nok tid og ressursar til kunnskapsinnhenting, dokumentasjon og vurdering av kulturminne og kulturmiljø. Grundige prosessar vil gje meir føreseielege rammer for alle partar, samt redusere ressursbruken og konfliktpotensialet i framtidige planprosessar. Alver kommune har i tillegg til eit stort tal automatisk freda kulturminne, fleire kulturminne frå nyare tid av høg verdi. Det er viktig å sørge for at omsynssone H570 blir utforma slik at sonen både kan ivareta samanhengar i kulturmiljøet, men og vere føremålstenleg i samfunnsutviklinga. I pressområde er det viktig at slike omsynssoner vert gjort operative både gjennom grenser og føresegner.</p>	<p>1. Gardsbruk vert ein sentral del av dette temaet/kapitlet. Underkapittel vert Kulturminne i innmark, kulturminne i utmark, stølsdrift og husmannsplassar. Me vil vurdere å ta med kulturlandskap som eige kapittel eller underkapittel. Andre kulturminne er tatt inn som eige tema/kapittel.</p> <p>2. Vert tatt til etterretning.</p>
Statsforvalteren i Vestland	<p>1. Kulturmiljøplanen bør tydeleggjera verdiar og peika på områder der det er potensiell konflikt. Det er bra at planen skal foreslå</p>	<p>3. Vert tatt til etterretning. Planforslaget til KPA skal, jamfør vedtak i</p>

	<p>viktige kulturmiljø og kulturminne som bør få omsynssone for kulturmiljø(H570) i kommuneplanen si arealdel (KPA), eller sikrast gjennom føresegn. Dette arbeidet skal vere ferdig seinast februar 2023, og er første fase i planarbeidet. Vi stiller spørsmål ved om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for å gjere ein god jobb med dette, så tidleg i prosessen med kulturmiljøplanen.</p> <p>2. Vi er positiv til at jordbruk skal vere eit tema i planen. Vi legg til grunn at tradisjonelt landbruk og kulturlandskap vil inngå der.</p>	<p>kommunestyret 24. nov 2022, til 1. gangs politisk handsaming i oktober 2023, og dette gjer at ein får meir tid også til å utarbeida forslag til omsynssone for bevaring av kulturmiljø.</p> <p>2. Namn på tema vert endra til landbruk. Tradisjonelt landbruk og kulturlandskap vil verta omhandla under dette temaet.</p>
Alver kulturråd	Ingen merknader.	Tatt til orientering.

#### Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at planprogrammet vert vedtatt slik det no ligg føre.

#### Vedlegg i saken:

18.01.2023	Planprogram kulturmiljøplan_til vedtak	1867656
20.01.2023	Uttale - Oppstart - framlegg til planprogram - Alver - kulturmiljøplan 2024 - 20028	1868812
20.01.2023	Kulturmiljøfagleg innspel - varsel om oppstart av planarbeid og høyring - framlegg til planprogram - Kulturmiljøplan - Alver kommune	1868813
20.01.2023	Lindås bygdelag - Innspill til ny Kulturmiljøplan for Alver	1868814
20.01.2023	Alver kommune høyringsutkast Kulturmiljøplanen	1868815
20.01.2023	Alver kommune høyringsutkast Kulturmiljøplanen	1868816
20.01.2023	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram - Kulturmiljøplan - Alver kommune	1868817
20.01.2023	Fråsegn om oppstart av arbeid med kulturmiljøplan - Alver kommune - Vestland fylke	1868818
20.01.2023	Innspel planprogram	1868819
30.01.2023	Kulturmiljø uttale AK revidert	1873127

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-D10, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

## Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg og anlegg

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

### Saka gjeld

Tildeling av kulturmidlar i tilskotsordninga «Mindre investeringar ved lokale kulturbygg»

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar kultur og idrett – revidering av retningslinjer.

Den totale ramma for tilskot innan kultur og idrett er 6 700 000 kr i 2023, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2022 var tilsvarande ramme kr 7 900 000.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «Mindre investeringar ved lokale kulturbygg», som hadde søknadsfrist 15. november 2022.

Retningslinjene seier at ordninga skal støtte mindre investeringar i organisasjonseigde kulturbygg. Tilskot kan gjevast til kulturbygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering, men ikkje til drift. Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell.

Det er sett av 236.000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2022 vart det fordelt kr 245.000 til ordninga.

Saka har vore på høyring hjå Alver kulturråd. Alver Kulturråd støttar kommunedirektøren si tilråding. Høyringsuttalen ligg ved.

### Kommunedirektøren si tilråding

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

Søkjar	Totalbudsjett	Søknadssum	Innstilling	Vurdering av søknad
Flatøy	65000	30000	20000	Flatøy Ungdomslag vil oppgradere

ungdomslag				varme- og ventilasjonsanlegget ved Flatøy skule. Dei har utgifter til oppgradering av røyropplegg, varmepumpe og røyrløysingar. Laget fekk tilskot i denne ordninga i 2021. Tiltaket vart endra, men er rapportert for og godkjent.
Stiftinga Nordgardsløa	74000	55000	20000	Stiftinga Nordgardsløa søker tilskot til utstyr og oppgradering av kjøken og el-anlegg. Søknadssummen er stor i forhold til eigendel. Tilskotet vert difor mindre enn omsøkt. Laget fekk tilskot i 2020, 2021 og 2022 i denne ordninga. Tiltaka frå 2020 og 2021 er rapportert for og godkjent. Det er ikkje krav om rapport for tiltak i 2022 enno.
Vestre Vassbygd Grendahus	105000	105000	0	Vestre Vassbygd Grendahus vil utbetre råteskader ved grendahuset. Laget budsjetterer med kr. 0,- i eigendel. Alver kommune vil normalt sett ikkje fullfinansiere tiltak. Søknaden vert difor avslått.
Sjosio Bygdalag	65856	25000	25000	Sjosio bygdahus er bygdehus for bygdene Gjervik, Grøttveit og Nepstad. Sjosio Bygdalag søker til skot til å skifte kledning og terrassedør på grendahuset.
Vikanes Grendahus SA	75000	60000	20000	Vikanes Grendahus ynskjer å installere tre varmepumper for å halde energikostnadane nede. Dette vil også vere eit tiltak mot fuktskadar. Laget budsjetterer med høg søknadssum i forhold til eigendel. Tilskotet vert difor mindre enn omsøkt.
Nothustomten Sameie	21500	18500	0	Nothustomten Sameie har ei gamal notebu/sjøbu i Husebøvegen. Dei søker tilskot til tiltak for å bevare bygget.  Objektet det vert søkt tilskot til er i privat eige. Ordninga skal støtte mindre investeringar i organisasjonseigde kulturbygg. Søknaden vert difor avslått.  Ein må likevel påpeike at sameiget gjennomfører eit viktig arbeid med å vareta eit kulturminne i bygda. Søknaden vert difor flytta til ordninga "Istandsetting av verneverdige kulturminne".
Eknes Ungdomslag	60000	60000	0	Eknes Ungdomslag søker tilskot til installasjon av varmepumper i forsamlingshuset Alvheim. Dei legg ved pristilbod på to varmepumper tilsvarende totalkostnaden. Eknes Ungdomslag budsjetterer med kr. 0,- i eigendel. Alver kommune vil normalt sett ikkje fullfinansiere tiltak. Eit tilskot mindre enn omsøkt beløp vil gjere at

Marås Grendalag	125000	40000	40000	tiltaket ikkje er kan bli gjennomført som budsjettert. Søknaden vert difor avslått.
Meland Musikklag	240000	40000	40000	Marås Grendalag vil skifte seks vindauger i salen nede i grendahuset. Dei viser til roteskader og at ein del av vindauga er punkterte. Laget legg ved pristilbod for heile tiltaket tilsvarande totalkostnaden.
Frekhaug Indremisjon	265168	70000	40000	Meland Musikklag søker midlar til vedlikehald av Musikkhallen på Holme. Dei vil etablere rullestolninggang, oppgradere og skifte tak på kjøken. Laget fekk tilskot i denne ordninga i 2020 og 2021. Alle tiltak er rapportert for.
Garveriet på Ytre Fosse, Tonny Andre Dale	110000	30000	0	Frekhaug indremisjon skal modernisere og byggje om innvendig inngangsparti samt oppgradere garderobe- og toalettfasilitetar ved Frekhaug bedehus. Grunna lite midlar i ordninga vert tilskotet mindre enn omsøkt.
Ungdomslaget Framsteg	62176	31088	31000	Garveriet på Ytre Fosse søker midlar til bjelkelag i kjellar og opparbeiding av grusveg og materiale. Objektet er i privat eige. Denne ordninga støtter tiltak i organisasjonseigde kulturbygg, søknaden vert difor ikkje handsama her.
		564588	236000	Tiltaket med bjelkelag i kjellar kan kvalifisere for tilskotsordninga «Istandsetting av verneverdige kulturminne». Søknaden vert difor handsama i ordninga for kulturminne.
				Ungdomslaget Framsteg søker midlar til mellom anna ny komfyr, utbetring av elektrisk anlegg, utbetring av takrenner og ny kledning. Laget fekk tilskot på kr. 20000,- i 2021 og kr. 15000,- i 2022 i denne ordninga. Rapport for 2021 er levert og godkjent. Det er ikkje krav om rapport for tiltak i 2022 enno.

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023 Uttale Alver kulturråd

1872345



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### **Driftstilskot kultur - andre lag og organisasjonar 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot til drift andre lag og organisasjonar 2023, slik det kjem fram av saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Saka gjeld**

Tildeling av driftstilskot andre lag og organisasjonar 2023.

#### **Saksopplysningar**

##### **Bakgrunn:**

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 – sak 098/21 *Kommunale retningsliner kultur- og idrett – revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.*

Den totale ramma for tilskot til kultur- og idrett er i 2023 kr 6.900.000. Dette inkluderer også tilskot til løpande ordningar, som t.d. midlar til prosjekttilskot - haust. I 2022 var tilsvarende ordinære ramme kr 6.900.000, samt ein ekstraløyving frå kommunestyret på kr 1.000.000 – totalt kr 7.900.000.

Søknadsfrist for ordninga var 15. november.

##### ***Vurderingsgrunnlag***

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga «*Tilskot til driftstilskot av andre lag og organisasjonar 2023*».

I følge retningsline, skal ordninga støtte oppunder aktivitet og drift av andre lag og organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre kategori. I driftstilskot inngår støtte til administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr.

##### ***Partar***

Alver kulturråd hadde saka til høyring i møte 25.01.2022

*Vedtak: Alver kulturråd støttar kommunedirektøren si tilråding.*

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot til andre lag- og organisasjonar 2023, slik det kjem fram av saka.

<b>Kulturlag</b>	<b>Medl &lt;20</b>	<b>Medl &gt;20</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
LINDÅS SOGELAG	0	97	51000	<b>40000</b>
MELAND MÅLLAG	0	92	25000	<b>22500</b>
NORDHORDLAND TURLAG	384	1220	75000	<b>75000</b>
RADØY SOGELAG	0	172	25000	<b>22500</b>
BYGDEBOKNEMDA FOR LINDÅS SOKN	0	11	8000	<b>8000</b>
ALVER E-SPORT KLUBB	49	0	156000	<b>45000</b>
NORDHORDLAND HUSFLIDSLAG		85	60000	<b>46000</b>
MUSIKKENS VENNER NORDHORDLAND	0	130	71500	<b>47500</b>
MELAND JAZZKAFE	0	60	45000	<b>39000</b>
NORDHORDLAND KUNSTLAG	0	55	110000	<b>45000</b>
EIKANGER KULTUR	0	2	10000	<b>7500</b>
ALVERSUND MÅLLAG	0	117	46000	<b>37500</b>
LINDÅS PENSJONISTLAG	0	300	35000	<b>30000</b>
MEDAASPRISEN	0	15	40000	<b>40000</b>
<b>Totalt</b>				<b>505500</b>
<b>Aktivitet</b>	<b>Medl &lt;20</b>	<b>Medl &gt;20</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
SENIORUNIVERSITETET I NORDHORDLAND	0	58	5000	<b>5000</b>
KNARVIK GAMMALDANSLAG	0	28	8000	<b>6000</b>
KEIPANE KYSTLAG	0	22	10000	<b>7500</b>
LINDÅS KYRKJEPARK	0	0	5000	<b>4000</b>
MARÅS 4H	13	6	15000	<b>15000</b>
KLØVHEIM SØNDAGSSKULE	11	1	4000	<b>4000</b>
TEAM FLATØY 4H	9	3	10000	<b>10000</b>
<b>Totalt</b>				<b>51500</b>
<b>Vellag/grendalag</b>	<b>Medl &lt;20</b>	<b>Medl &gt;20</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
KLØVHEIM BYGDELAG	70	250	40000	<b>28000</b>
FLATØY BYGDELAG	36	119	30000	<b>21000</b>
MARÅS GRENDALAG	40	150	12000	<b>8000</b>
MYRTVEIT BYGDEHUS	12	31	5000	<b>4000</b>
SJOSIO BYGDALAG	3	37	15000	<b>10500</b>
VESTRE VASSBYGD GRENDAAHUS	70	115	50000	<b>30000</b>
SAMFUNNSHUSET HAUGATUN SA	0	0	63000	<b>48000</b>
<b>Totalt</b>				<b>149500</b>
<b>Ungdomslag</b>	<b>Medl &lt;20</b>	<b>Medl &gt;20</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
UNGDOMSLAGET FRAMSTEG	47	78	32000	<b>32000</b>
MANGER UNGDOMSLAG	0	60	20000	<b>20000</b>
<b>Totalt</b>				<b>52000</b>
<b>Trus- og livssyn</b>	<b>Medl &lt;20</b>	<b>Medl &gt;20</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
MELAND SOKN	32	50	101000	<b>45000</b>
YNGRES	36	0	20000	<b>16000</b>
OSTERFJORDEN SOKN	77	15	12000	<b>10000</b>
ROSSLANDSVÅGS INDREMISJONSFORENING	5	50	13000	<b>10000</b>
HELLA BEDEHUS	44	20	10000	<b>8000</b>
<b>Totalt</b>				<b>89000</b>
<b>Helse</b>				
NASJONALFORENINGENS HELSELAG MELAND	0	214	25000	<b>20000</b>
LINDÅS REVMATIKERLAG	0	100	18000	<b>15000</b>
LINDÅS SANITETSFORENING	0	85	10000	<b>8000</b>
				<b>43000</b>
<b>TOTALT</b>				<b>890500</b>

#### Vedlegg i saken:

28.01.2023

Uttale Alver kulturråd 250123

1872731

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C30, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

## **Driftstilskot kultur - kor, vaksenkorps ang andre musikklag 2023** **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### **Saka gjeld**

Driftstilskot til vaksenkorps, kor og andre musikklag 2023.

### **Saksopplysningar**

#### **Bakgrunn:**

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 – sak 098/21 *Kommunale retningsliner kultur- og idrett – revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.*

Den totale ramma for tilskot til kultur- og idrett er i 2023 kr 6.900.000. Dette inkluderer også tilskot til løpande ordningar, som t.d. midlar til prosjektilskot - haust. I 2022 var tilsvarende ordinære ramme kr 6.900.000, samt ein ekstraløyving frå kommunestyret på kr 1.000.000 – totalt kr 7.900.000.

Søknadsfrist for ordninga var 15. november.

#### ***Vurderingsgrunnlag***

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga «*Driftstilskot til «vaksenkorps, kor og andre musikklag 2023».*

I følgje retningsline, skal ordninga «*støtte oppunder aktivitet og drift i vaksenkorps, kor og andre musikklag.*»

#### ***Partar***

Alver kulturråd behandla saka i møte 25.01.23  
Kulturrådet skriv;

*Innstillinga til søkjar Meland Mållag- Måltrastene vert sett til 0.*

*Begrunnelse: Meland mållag er innstilt til driftstilskot kultur -andre lag og organisasjonar 2023 og Måltrastene er ikkje registrert i Brønnøysundregisteret som eige lag.*

*Alver Kulturråd gjer innstilling på at dei overskytande midlane kr 14200 vert fordelt mellom dei andre laga som har søkt om Driftstilskot i denne grupperinga*

#### **Kommentar**

Det er primært hovudstyret som skal søkje tilskotsmidlar. Ein ser likevel at nokre av laga har t.d. både barnekor

og vaksenor. Det er vanskeleg å føre tilskot til vaksenor under tilskotkategorien for skulekorps og barnekor.

Tilskot slik det kjem fram av saka, vert oppretthalda.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot til vaksenkorps, kor og andre musikklag 2023 slik det kjem fram av saka.

<b>Vaksenor</b>	<b>Medl &lt; 19</b>	<b>Medl &gt; 19</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
SEIM SONGKOR	0	25	15000	15000
HJELMÅSKARANE	0	22	15000	14700
MELAND SENIORKOR	0	21	10000	14600
LINDÅS SONGLAG	0	27	15000	15200
MELAND MÅLLAG - MÅLTRASTENA	0	17	20000	14200
ALVERKORET	0	28	20000	15300
OSTERFJORDEN SOKN - TE DEUM	0	26	4000	15100
SONGLAGET ALVIDT/MANGER	0	15	10000	14000
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>181</b>	<b>109000</b>	<b>118100</b>
<b>Vaksenkorps</b>	<b>Medl &lt; 19</b>	<b>Medl &gt; 19</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
LINDÅS BRASS	0	21	25000	27100
SKALA BRASS BAND	0	12	18000	26200
MELAND MUSIKKLAG	4	24	150000	28200
LEIKNES BLÅSEORKESTER	0	15	36700	26500
MANGER OLD STAR BRASS	0	31	37000	28100
SEIM MUSIKKLAG	0	24	38000	27400
OSTER BRASS	5	15	40000	27500
<b>Totalt</b>	<b>9</b>	<b>142</b>	<b>344700</b>	<b>191000</b>
<b>Andre musikklag</b>	<b>Medl &lt; 19</b>	<b>Medl &gt; 19</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstilling</b>
ALVERSUND MUSIKKLAG	0	18	36000	21800
<b>Totalt</b>		<b>18</b>	<b>36000</b>	<b>21800</b>
			<b>TOTALT</b>	<b>330900</b>

### **Vedlegg i saken:**

28.01.2023

Uttale Alver kulturråd 250123

1872733

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C30, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### **Driftstilskot kultur - skulekorps og barnekor 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot til skulekorps og barnekor 2023, slik det kjem fram av saka

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Saka gjeld**

Tildeling av driftstilskot til skulekorps og barnekor 2023

#### **Saksopplysningar**

##### **Bakgrunn:**

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 – sak 098/21 *Kommunale retningsliner kultur- og idrett – revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.*

Den totale ramma for tilskot til kultur- og idrett er i 2023 kr 6.900.000. Dette inkluderer også tilskot til løpande ordningar, som t.d. midlar til prosjekttilskot - haust. I 2022 var tilsvarande ordinære ramme kr 6.900.000, samt ein ekstraløyving frå kommunestyret på kr 1.000.000 – totalt kr 7.900.000.

Søknadsfrist for ordninga var 15. november.

##### ***Vurderingsgrunnlag***

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga «*Driftstilskot til skulekorps og barnekor 2023*».

I følgje retningsline, skal ordninga «støtte oppunder aktivitet og drift i skulekorps og barnekor, og er basert på grunntilskot og medlemstal.»

##### **Partar**

Alver kulturråd vil komma med fyljane uttale:

Innstillinga til søkjar Manger Skulemusikk på kr 64900 må reduserast.

Begrunnelse: Manger har i sin søknad 19 stk over 19 år som medlemar, og som musikantar i skulemusikklaget. Dette stemmer ikkje og er heller ikkje etter reglar for ein evt konkurranse der berre 2 over 19 år kan delta, då på dispensasjon.

Det syner seg at dette er styremedlemar i dei 3 ulike korpsa/ gruppene som Manger Skulemusikk har .

Alver Kulturråd gjer meina på at innstillinga må justerast basert på grunntilskot og rette medlemstal på aktive utøvarar.

### Kommentar

I retningsline for kulturmidlar er det ikkje grunnlag for å nekte medlemmar 19+ i skulekorps og barnekor kan få tilskot. Tilskot til medlemmar 19+ er kr 100 pr /medlem. Ein slik reduksjon ville få konsekvensar for fleire lag/organisasjonar enn berre Manger skulemusikklag.

Kommunedirektøren oppretthalda si forslag til innstilling, utan endringar.

### Kommunedirektøren si tilråding

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot til skulekorps og barnekor 2023, slik det kjem fram av saka.

Skulekorps	Medlem	Medlem	Innstilling
	<19 år	> 19 år	
Kløvheim skulekorps	19	1	<b>49850</b>
Hordabø skulemusikk	17	8	<b>50050</b>
Rossland skulekorps	32	0	<b>53000</b>
Knarvik skulekorps	52	0	<b>58000</b>
Sagstad skulekorps	38	0	<b>54500</b>
Skodvin skulekorps	30	0	<b>52500</b>
Manger skulemusikklag	72	19	<b>64900</b>
Ostereidet skulemusikklag	24	2	<b>51200</b>
Lindås skulekorps	24	0	<b>51000</b>
<b>Totalt</b>	<b>308</b>	<b>30</b>	<b>485000</b>
<b>Barnekor</b>			
Strilongane	28	0	<b>15000</b>
Ostereidet Soul Children - eit kor for born frå Ostereidet, Eikanger og Leiknes skulekrins	15	5	<b>12250</b>
Levande lys, Frekhaug indremisjon barnekor	48	0	<b>20000</b>
<b>Totalt</b>	<b>91</b>	<b>5</b>	<b>47250</b>
		<b>TOTALT</b>	<b>532250</b>

**Vedlegg i saken:**

28.01.2023

Uttale Alver kulturråd 250123

1872734

**Arkiv:** <arkivID><jpid> FA-C00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### **Kulturprosjekt vår 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til kulturprosjekt vår 2023, slik det kjem fram av saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### **Saka gjeld**

Tildeling av tilskot kulturprosjekt vår 2023.

#### **Saksopplysningar**

##### **Bakgrunn:**

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 – sak 098/21 *Kommunale retningslinjer kultur- og idrett – revidering av retningslinjer. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.*

Den totale ramma for tilskot til kultur- og idrett er i 2023 kr 6.900.000. Dette inkludera også tilskot til løpande ordningar, som t.d. midlar til prosjekttilskot - haust. I 2022 var tilsvarande ordinære ramme kr 6.900.000, samt ein ekstraløyving frå kommunestyret på kr 1.000.000 – totalt kr 7.900.000.

Søknadsfrist for ordninga var 15. november.

##### ***Vurderingsgrunnlag***

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga «*tilskot til kulturmidlar vår 2023*».

I følgje retningsline, skal ordninga støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr knytt til prosjektet.

##### ***Partar***

Alver kulturråd har hatt saka til høyring 25.01.23 og har følgjande merknadar  
Kulturprosjekt vår 2023

##### **Alver kulturråd vil komma med fyljande uttale:**

1. Innstillinga til søkjar Claus Ståle Husa Sellevoll, Prosjekt Diktaren Olav Nygård 100 år, vert redusert med kr 10000 det vil seie ein innstilling på kr 10000 og ikkje 20000 kr slik kommuedirektøren si tilråding.

Begrunnelse: Søkjaren er innstilt til Kulturstipend på kr 30000 og har tidlegare fått støtte til det same prosjektet i sak 56/22 på kr 37000.



Alver Kulturråd gjer innstilling på at dei overskytande midlane ( kr 10000) vert fordelt slik:  
 Søkjjar Eikanger Kultur, Prosjekt Det er etablert scene for konsertar på Galleri Gamleskulen. Det skal satse på arrangement-ma. «Bokbad» Kr 5000 i tillegg kommunedirektøren si tilråding

### Kommentar

Prosjektet til Sellevoll om markeringa av dikteren Olav Nygård – 100 år, er ein stor satsing med profesjonell ramme. Førestillinga har ei budsjett på kr 100.000 og er tenkt spelt i Nordhordland og andre stadar.

Kommunedirektøren endra difor si opphaveleg forslag til innstilling. Tilskot til Sellevoll vert redusert til frå kr 20.000, til kr 15.000. Eikanger kultur og Manger musikkag vert auka med med kr 5.000 kvar.

Når det gjeld pkt 3 Alversund kammerkor, vil dei få melding saman med vedtak der det vert opplyst at dei lag/organisasjonar må søkje underskotsgaranti i god tid **før** arrangement.

### Kommunedirektøren si tilråding

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til kulturprosjekt vår 2023 slik det kjem fram av saka.

Søkjjar	Søknadssum	Innstilling	Kort om prosjekt
Claus Ståle Husa Sellevoll	63000	10000	Diktaren Olav Nygård 100 år. Fikk støtte sak 56/22 kr 37.000
Alfred Isdal	0	0	Bokprosjekt. Skriv bok om barndomsminnar i Isdalstø. Søknad datert 30.12.22
Meland musikklag	0	0	Sponsorbrev til Nyttårskonsert januar 2023 - søknad datert 21.11.22
Manger Skulemusikklag	12000	10000	å flest mogelig musikanter til å delta på solistkonkurransen på Hordablæsten
Leif Johnsen	10000	5000	Autentiske møte - vandreskule. Elevar får oppleve utstilling på Galleri Rustica
Eikanger Kultur	12000	7500	Kunstrunden 5 årsjubileum - utstilling. Samarbeid med Nordhordland Biosfære /handverksruta
Lindås Songlag	15000	0	Julekonsert 2022. Må i framtida søkje underskotsgaranti før arr vert gjennomført
Pianist Rune Alver	90000	15000	Innspelling av CD - Mosaikk, klaver-musikk av Catharinus Elling (1858-1942)
Radøy Sogelag	10000	9000	Kjøp av negativscanner for å sikre ei biletesamling
Galleri Rustica	6000	3000	Steinkveld seminar - Har tørrmuring ei framtid?
Eikanger Kultur	31000	12500	Det er etablert scene for konsertar på Galleri Gamleskulen. Det skal satse på arrangement - "bokbad"
Musikkens Venner Nordhordland	10000	7500	Det vert søkt om underskotsgaranti for konserten "NANA, spansk aften
Musikkens Venner Nordhordland	10600	0	NANA er en spansk konsertforestilling . Sjå elles søknads om underskotsgaranti
Musikkens Venner Nordhordland	10000	7500	Søknaden gjeld underskotsgaranti for konserten "Stemmer fra nord"
Musikkens Venner Nordhordland	13030	0	Konsert "stemmer frå nord". Se elles søknad om underskotsgaranti
Lindåsfest	50000	28000	Lindåsfest samarb med frivillige lag/næringsliv.

			Konsert på Westland hotell/rusfri konsert for 8. kl til 17 år
Skodvin Skulemusikk	60000	15000	Innkjøp av nye tromboner
Alversund Kammerkor	20000	0	Konsert i Knarvik Kyrkje 20.11.2022 med framføring av Haendels "Messias".
Manger Musikklag	85000	25000	Manger musikklag 100 - bok "Frå korps for bygda til brassband i verdensklasse".
<b>Totalt</b>	<b>507630</b>	<b>155000</b>	

**Vedlegg i saken:**

27.01.2023      Uttale Alver kulturråd 250123

1872367

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-076  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Kulturstipend 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler tre arbeids- og etableringsstipend 2023 til følgende utøvarar;

Kjersti Møllerup Wiik                      kr 30.000  
Hanne Vatnøy Steinarsson              kr 30.000  
Claus Ståle Husa Sellevoll              kr 30.000

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Tildeling av arbeids- og etableringsstipend 2023.

#### Saksopplysningar

##### Bakgrunn:

Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 – sak 098/21 *Kommunale retningslinjer kultur- og idrett – revidering av retningslinjer. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.*

Den totale ramma for tilskot til kultur- og idrett er i 2023 kr 6.900.000. Dette inkluderer også tilskot til løpande ordningar, som t.d. midlar til prosjekttilskot - haust. I 2022 var tilsvarende ordinære ramme kr 6.900.000, samt ein ekstraløyving frå kommunestyret på kr 1.000.000 – totalt kr 7.900.000.

Søknadsfrist for ordninga var 15. november.

##### **Vurderingsgrunnlag**

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga «Arbeids- og etableringsstipend 2023».

I følge retningsline, skal ordninga støtte opptil tre arbeids- og etableringsstipend som skal gå til kunstnarar/kulturutøvarar som er heimehøyrande eller driv verksemd i Alver kommune, som har inntekt frå kunstnarisk, kulturell verksemd eller er under utdanning. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling.

##### **Kjersti Møllerup Wiik**

Møllerup Wiik er utdanna musikk lærar frå Griegakademiet der ho også har hovudfag i song. Oppgåva handla om innsamlinga av lokal folkemusikk som ho starta allereie i 1995.

Kjersti Møllerup Wiik har i mange år jobba med lokal folkemusikk. Ho har samla inn ei stor mengde folkemusikk, og har saman med Linda Røyseth Sandhåland gjort mykje av dette arbeid tilgjengeleg på 222.strilakultur/barnesongboka

Møllerup Wiik har gjort ei betydeleg innsats for å samle den lokale folkemusikken og gjere den tilgjengeleg for nye generasjonar. No ønskjer ho å fordype seg i samlingane som t.d. Arne Bjørndal, Karl Øvretveit, Anders Spjeldnes m fl.

Planen er at Møllerup Wiik i 2023 tek pause frå ein del gjeremål for ein periode for å arbeide intensivt med studier av tradisjonsbærarar via lydopptak og nedteikningar foråauka innsikta og stofftilfanget.

### **Hanne Vatnøy Steinarsson**

Hanne Vatnøy er artist og låtskrivar frå Seim i Nordhordland, og er utdanna lektor i musikk og drama ved Høgskulen i Bergen. Ho har komponert musikk i over 20 år og endra til artistnamnet HAVA i 2018. Musikken vert definert av hennas vokal, sterke melodiar og draummande atmosfæriske univers. Ho har skrevet og produsert fleire bestillingsverk i arbeid med barn og unge inn Den kulturelle skulesekken samt vore med på fleire prosjekt i nærmiljøet, i Bergen og i Asia. Ho vart oppdaga i Japan i 2009, og platedebuterte der året etter. Sidan den gong har hun slept andre albumet, ELYSIUM, som vakte internasjonal merksemd, og jobbar med sitt tredje soloalbum; Fearles, som kjem i mars 2023.

Det vert søkt om støtte til 2 prosjekt:

1) Fearless (studioalbum) arbeidsstipend kr. 20000 Førebuing og komponering i studio -eigenutvikling og auking av kompetanse)

2) Alver-songen(singel): arbeidsstipend kr. 10000 Omarbeide tekstmateriale/ komposisjon, studio-innspeling,

arbeid med samarbeid for utgjeving for å skape engasjement(Knarvikmila, barnehagar, skule, kulturskulen mm. Utvikling av lokalt kulturliv

Det vert søkt om tilsaman kr 30.000

### **Claus Ståle Husa Sellevoll**

Sellevoll arbeidar med eit prosjekt om dikteren Olav Nygard som døyde i 1924, berre 39 år gamal. Sellevoll arbeidar med ein framsyning som han vonar skal visast i lokale kulturbygg og kyrkjer i Nordhordland og andre aktuelle stadar.

Stipendet skal i hovudsak brukast til pre-produksjonen, dvs kostnadar som er nytta til før-produksjonen, manus, musikk, lyd- g lysdesign mm

Sellevoll vart løyvd kr 37.000 i tilskot i sak 056/22 Tilleggstilldeling – kulturprosjekt. Det vart søkt om midlar til Olav Nygard prosjektet.

Alle tre søkerane er etablerte kunstnarar innan sine felt. Alle er busett i Alver kommune. Dei er viktige aktørar som engasjerer og er ressursar både i det lokale kulturlivet men også utover kommunegrensa. Stipendet vil gje moglegheit til utvikling av nye prosjekt, og fordjupning i eksisterande viktig materiale.

### **Partar**

Alver kulturråd hadde saka til høyring i møte 25.01.2022

*Vedtak: Alver kulturråd støttar kommunedirektøren si tilrådding.*

### **Kommunedirektøren si tilrådding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler arbeids- og etableringsstipend 2023 til

Kjersti Møllerup Wiik                      kr 30.000

Hanne Vatnøy Steinarsson                kr 30.000

Claus Ståle Hus Sellevoll                kr 30.000

**Vedlegg i saken:**

28.01.2023              Uttale Alver kulturråd 250123

1872732

Arkiv:

<arkivID><jplID> FA-  
C00, FE-223

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato:

20.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Prosjekttilskot - idrettsprosjekt vår 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 40 000 slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga idrettsprosjekt.

Tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15.11.2022.

#### Saksopplysningar

##### Bakgrunn:

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement, og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant.

Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga.

##### Sakshistorikk

Her er oversikt over siste års tildelingar gjennom idrettsprosjektordninga:

År	Sum	Merknad
2022	Februar 2022: kr 30 000 Mai 2022: kr 30 000 *Oktober 2022: kr 150 430 Totalt 2022: <b>kr 210 430</b>	*I juni 2022 vart det gjort ei ekstraløyving på kr 1 000 000 i tilskotsmidlar til kultur og idrett.
2021	<b>Kr 171 000</b>	
2020	<b>Kr 135 000</b>	

#### Partar

Uttale frå Alver idrettsråd er lagt ved saka.

#### Vurdering:

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningsliner for denne tilskotsordninga.

#### Innstilling

<u>Søklar</u>	<u>Om prosjektet</u>	<u>Totalkost.</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Innstilling</u>
Nordhordland hestesportklubb	Nytt hindermateriell.	Kr 35 000	Kr 20 000	Kr 10 000
Radøy IL	Idrettsutstyr til turn/idrettsskule og allidrett.	Kr 98 500	Kr 30 000	Kr 15 000
Nordhordland	Flettematter til klubb- og	Kr 59 600	Kr 29 800	Kr 15 000

karateklubb	regionale meisterskap			
<b>Totalt</b>		<b>Kr 193 100</b>	<b>Kr 79 800</b>	<b>Kr 40 000</b>

**Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 40 000 slik det kjem fram av saka.

**Vedlegg i saken:**

27.01.2023      Idrettsprosjekt\_AIR\_uttale

1872306



**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C21, FE-076  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Idrettsstipend 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt kr 120 000 slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Denne saka gjeld tildeling av idrettsstipend for 2023. Ordninga hadde søknadsfrist 15.11.2022.

#### Saksopplysningar

I retningslina heiter det at stipend skal gå til utøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipenda skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og prioriterer søkjarar i aldersgruppa 15-26 år. Stipendordninga har ei øvre grense på kr 30 000 per stipend. Idrettsstipenda skal delast ut etter ei vurdering av gjennomføringsemne og dokumenterte prestasjonar dei siste 3 åra.

#### Partar

Uttale frå Alver idrettsråd er lagt ved saka.

#### Vurdering:

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningsliner for stipend.

Det var totalt 9 søkarar til idrettsstipendordninga i år, og grunna ekstraordinært gode søkarar og søknader vert det i år innstilt til fem stipend på totalt kr 120 000.

#### Innstilling

<u>Namn</u>	<u>Idrett</u>	<u>Innstilling</u>	<u>Om søkeren</u>
Andrea Nygård Vie	Friidrett, løp	Kr 15 000	Trass ung alder har ho imponerende resultat nasjonalt og internasjonalt. Juniorlandslagsutøvar med stort potensiale for framtida.
Helene Ramslie	Friidrett, kast	Kr 15 000	Trass ung alder har ho imponerende resultat nasjonalt og internasjonalt. Juniorlandslagsutøvar med stort potensiale for framtida.
Emilie Knarvik Haukeland	Bil- og rallycross	Kr 30 000	Utøvar med gode resultat nasjonalt og internasjonalt. Satsar internasjonalt og vert lagt merke til i miljøet for sitt målretta arbeid.

Anders Vik	Frøidrett, kast	Kr 30 000	Utøver som trass ung alder har meget sterke resultat å vise til. Vert skildra som svært talentfull, og er ein del av rekrutteringslandslaget.
Tommy Urhaug	Bordtennis	Kr 30 000	Internasjonal utøver på toppnivå. Satsar mot OL i Paris i 2024. Har ei rekkje imponerende prestasjonar og går no for si sjuande deltaking i OL.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt kr 120 000 slik det kjem fram av saka.

**Vedlegg i saken:**

27.01.2023 Idrettsstipend\_AIR\_uttale

1872308

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Tilskot drift og aktivitet for idretts- og skyttarlag 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 1 345 815 slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til drift og aktivitet i idretts- og skyttarlag.

Tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15.11.2022.

#### Saksopplysningar

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte opp under aktivitet og drift i idrettslag under Noregs idrettsforbund (NIF) og skyttarlag tilslutta Det frivillige Skyttarvesen (DFS). Organisasjonen må ha sitt virke i Alver kommune. Søkjarar utanfor kommunen kan etter vurdering få tilskot dersom midlane vert øyremerkt verksemd i kommunen, og det ikkje finst lag eller aktørar i kommunen som tek hand om denne aktiviteten eller det gjeld verksemd som kjem barn og unge frå Alver til gode.

#### Bakgrunn:

Her følgjer oversikt over siste års tildelingssummar:

År	Sum	Merknad
2022	Februar: kr 1 356 830 *Oktober: kr 204 720 <b>Totalt: kr 1 561 550</b>	*I juni 2022 vart det gjort ei ekstraløyving på kr 1 000 000 i tilskotsmidlar til kultur og idrett.
2021	<b>Kr 1 682 900</b>	
2020	<b>Kr 1 690 050</b>	

#### Partar

Uttale frå Alver idrettsråd er lagt ved saka.

#### Vurdering:

Innstillinga er fordelt etter medlemstal, kr 225 per medlem 0-19 år, og kr 60 per medlem 20+.

I 2022 var tilsvarende satsar kr 250 per medlem 0-19 år, og kr 100 per medlem 20+.

Medlemstala er basert på idrettslaga si eiga medlemsrapportering til NIF per 31.12.2021. Skyttarlaga er ikkje medlem i NIF og rapporterer medlemstala sine direkte i søknadsskjema.

#### Innstilling

Søkjar	Medlem	Medlem	Innstilling
--------	--------	--------	-------------

	<u>0-19 år</u>	<u>20 +</u>	
<u>Idrettslag under NIF</u>			
Alver klatreklubb	296	369	Kr 88 740
Alver modellbilklubb	16	20	Kr 4 800
Eikanger IL	114	99	Kr 31 590
FIL AKS-77	118	63	Kr 30 330
Frekhaug diskgolflubb	13	99	Kr 8 865
Hordabø IL	21	59	Kr 8 265
IL Alvidra	345	165	Kr 87 525
IL Kvernbit	724	677	Kr 203 520
Knarvik IL	236	85	Kr 58 200
Lindås IL	469	221	Kr 118 785
Manger IL	25	54	Kr 8 865
Meland golflubb	178	1494	Kr 129 690
Meland motorsportklubb	61	82	Kr 18 645
Nordhordland ballklubb	664	262	Kr 165 120
Nordhordland bokseklubb	33	27	Kr 9 045
Nordhordland dykkarklubb	1	79	Kr 4 965
Nordhordland hestesportklubb	10	14	Kr 3 090
Nordhordland karateklubb	99	37	Kr 24 495
Nordhordland padleklubb	14	188	Kr 14 430
Nordhordland pistolklubb	0	178	Kr 10 680
Nordre Holsnøy IL	332	198	Kr 86 580
Radøy FK	252	91	Kr 62 160
Radøy IL	95	33	Kr 23 355
Radøy sportskytterlag	30	9	Kr 7 290
<u>Skytterlag under DFS</u>			
Lindås skytterlag	205	176	Kr 56 685
Meland skytterlag	50	200	Kr 23 250
Radøy skytterlag	80	30	Kr 19 800
Seim skytterlag	90	280	Kr 37 050
<b>Totalt</b>	<b>4571</b>	<b>5289</b>	<b>Kr 1 345 815</b>

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 1 345 815 slik det kjem fram av saka.

#### **Vedlegg i saken:**

27.01.2023

Drift&Aktivitet\_AIR\_uttale

1872301

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C21, FE-076  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### Tilskot til idrettsanlegg i privat eige - 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 988 185 slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### Saka gjeld

Denne saka gjeld fordeling av midlar til ordninga «tilskot til idrettsanlegg i privat eige».

Tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15.11.2022.

#### Saksopplysningar

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

I retningslina heiter det at ordninga er til for større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar. Tilskotet utarbeidast etter eiga vektingsnøkkel.

#### Bakgrunn:

Her følgjer oversikt over siste års tildelingssummar:

År	Sum	Merknad
2022	Februar: kr 990 670 *Oktober: kr 63 929 <b>Totalt: kr 1 054 599</b>	*I juni 2022 vart det gjort ei ekstraløyving på kr 1 000 000 i tilskotsmidlar til kultur og idrett.
2021	<b>Kr 1 100 851</b>	
2020	<b>Kr 1 080 851</b>	

Her følgjer ei oversikt over siste års verdi per vektal og innstilte vektal:

År	Sum	Merknad	Vektal innstilt
2022	Februar: kr 27 216 *Oktober: kr 1 754 <b>Totalt: kr 28 970</b>	*I juni 2022 vart det gjort ei ekstraløyving på kr 1 000 000 i tilskotsmidlar til kultur og idrett.	36,4
2021	<b>Kr 28 969</b>		38
2020	<b>Kr 31 329</b>		34,5

Det er i år innstilt for 39,1 vektal, og dette utgjer kr 25 273 per vektal.

Me ser ei auke i tal på private anlegg som vert søkt på gjennom ordninga.

#### Partar

Uttale frå Alver idrettsråd er lagt ved saka.

**Vurdering:**

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedtekne retningsliner for denne tilskotsordninga der ein brukar ein vektingsnøkkel for ulike typar anlegg.

**Vektingsnøkkel:**

Golfbane - 2,3

Grasbane 11-er - 2,3

Hall - 2,3

Kunstgras 11-er - 2

Turveg - 2

Kunstgras 5/7/9-er - 1,5

Motorsport - 1,5

Skytebane - 1

Klubbhus - 0,6

Frisbeegolf - 0,4

Andre mindre anlegg/element - 0,1/0,2

## Innstilling

<b>Søkjjar</b>	<b>Vekttal</b>	<b>Sum</b>
Frekhaug diskgolflubb	1	Kr 25 273
Hordabø IL	7,4	Kr 187 022
IL Kvernbit	6,9	Kr 174 386
Knarvikmila	2	Kr 50 547
Manger IL	4,4	Kr 111 202
Meland golflubb	2,3	Kr 58 129
Meland motorsportklubb	1,5	Kr 37 910
Meland skyttarlag	1,6	Kr 40 437
Nordhordland BK	0,6	Kr 15 164
Nordre Holsnøy IL	3,6	Kr 90 984
Radøy IL	5,2	Kr 131 421
Radøy skyttarlag	1	Kr 25 273
Seim skyttarlag	1,6	Kr 40 437
<b>Totalt</b>	<b>39,1</b>	<b>Kr 988 185</b>

**Kommunedirektøren si tilråding**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 988 185 slik det kjem fram av saka.

**Vedlegg i saken:**

27.01.2023

Private\_anlegg\_AIR\_uttale

1872311

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-144, FA-C20  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

**Temaplan for friluftslivets ferdselsårer. Ro- og padleledel  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur legg *Ro- og padleledel av Temaplan for friluftslivets ferdselsårer* ut på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 31.mars.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

**Saka gjeld**

Temaplan for friluftslivets ferdselsårer vart vedtatt hausten 2022. Eit av tiltaka i planen var utarbeiding av friluftslivets ferdselsårer til sjøs og på vatn.

Som følge av ei stigande interesse for ferdsel langs fjord og i vatn, og også som eit ledd i attraktivitetsbygginga av Alver kommune vil ein gjennom ein ro- og padleplan få kartlagd, synleggjort, og forslått tiltak på stader med dei mest attraktive ro- og padlerutene i kommunen. Som ein del av kartlegginga er det sett på bl.a. parkeringstilhøve, utsetjingsstader og tilgang for ålmenta.

Vestland fylkeskommune har lyst ut og tildelt midlar til kartlegging og gradering av ro- og padleruter. Bergen og Omland Friluftsråd søkte etter avtale på vegne av Alver kommune, og fekk kr 50 000 til dette arbeidet. Forslag til ro- og padleruter som kan graderast er difor med som ein del av planforslaget.

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer	1873396
30.01.2023	Registreringsskjema ro- og padleruter	1873397
30.01.2023	Utsetjingsstader	1873398

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-144, FA-F03  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 30.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
003/23	Eldreråd	06.02.2023
007/23	Ungdomsråd	06.02.2023
003/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
021/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Alver kommunestyre	

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar blir vedteke

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet, utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn

Ein kommunal handlingsplan mot vald og overgrep er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Handlingsplanen har eit livsløp-perspektiv, og omfattar alle innbyggjarar i kommunen. Planen skal bidra til at kommunen har eit førebyggjande fokus på temaet, og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planen er ein handlingsplan knytt til tema og ikkje til eit spesifikt fagområde. Den er ein del av kommunen sitt plansystem, som består av fleire plantypar og er styrt av Alver kommune sin planstrategi.

Planen inneheldt tiltak som skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med innbyggjarane våre, skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Målgruppa for Handlingsplanen er alle tilsette og innbyggjarar i Alver kommune.

Planen er ein digital plan, som vert gjort tilgjengeleg for både tilsette i Alver kommune, samt alle innbyggjarar i kommunen via Framsikt. Planen skal vere utgangspunkt for vidare arbeid med temaet på avdelingane i kommunen, samt eit verktøy som skal setje både tilsette og innbyggjarar i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer.

#### Oppbygging av planen

MÅL:



Hovudmålet i planen:

*Innbyggjarar i Alver skal leve sine liv utan vald og overgrep.*

Det er i tillegg formulert tre delmål som skal byggje opp under hovudmålet med innhald og meining:

- *Handlingsplanen skal bidra til å styrke kunnskapsnivået hjå tilsette i kommunen og vidareutvikle samhandlinga mellom faggrupper og tenester i kommunen*
- *Tilsette i Alver kommune har kunnskap om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og hjelper den som er utsett for vald, og den som utøver vald*
- *Handlingsplanen skal gje innbyggjarar i Alver kunnskap om vald i nære relasjonar, og setje dei i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle*

#### TILTAKSPLAN:

Handlingsplanen har ein tiltaksplan som skildrar tiltak for å oppnå måla. Tiltaksplanen inneheld konkrete tiltak retta mot tilsette i Alver kommune, som synleggjer ansvar og deltakarar i arbeidet mot vald i nære relasjonar.

Tiltaksplanen er delt i nye tilrådde tiltak og eksisterande tiltak. Tiltaka omhandlar førebyggjande arbeid, avdekking av vald og kompetanseheving. Tabellen med eksisterande tiltak er ei oversikt over arbeidet som allereie er igangsett i dei ulike tenestene knytt til dette temaet. Nye tilrådde tiltak er basert på hovudmålsettinga, innspel frå medverknadsprosessane, samt avdekking av manglar i eksisterande tiltak.

#### HANDLINGSKORT:

Handlingskorta er meint å vere eit verktøy som skal bidra til at alle tilsette og innbyggjarar skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Det er utarbeidd eit handlingskort som er retta mot bekymring for born og eit for vaksne. Handlingskorta inneheldt ein QR – kode som fører vidare til nettside på Alver kommune med oppdatert informasjon.

#### Planprosess

Arbeidet med planen har vore prosjektorganisert med ei tverrfagleg samansett gruppe med representantar frå oppvekst, helse & omsorg og NAV. RVTS (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging) bistod prosjektgruppa i oppstarten av arbeidet. I medverknadsprosessen har ein arbeidd saman med dei ulike politiske råda og interne og eksterne tenester/samarbeidspartar. Det har vore gjennomført to referansegruppemøter/workshopar med inviterte frå dei nemnte gruppene. I etterkant av desse møta har prosjektgruppa jobba med innspela og inkludert dei i planen.

Prosjektgruppa har hatt internt samarbeid med Plan og analyse og Kommunikasjonsavdeling om utarbeiding og oppsett av plan i Framsikt, samt utarbeiding av handlingskorta.

#### HØYRING

06.09.22 gjorde utval for oppvekst kunnskap og kultur vedtak om at framlegget til Handlingsplan mot vald i nære relasjonar vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn med ein høyringsperiode på seks veker. I høyringsperioden kom det inn 9 innspel. Innspela kom frå politiske råd, ulike avdelingar i sektor oppvekst og helse og omsorg, samt frå RVTS (ressurscenter for vald og traumatisk stress). Høyringsinnspela er gjennomgått og vurdert i prosjektgruppa og innhald i plan og handlingskort er justert.

Lenke til plan i Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/plan/alver/plan-4e8e3a0e-2e16-41b8-9565-119cf3a84d3b-23861/>

#### **Vedlegg i saken:**

30.01.2023 Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

1873038

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033, TI-&00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
022/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
	Utval for næringsutvikling og drift	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

## Endring i politisk styringsstruktur og reglement jf.vedtak i KO sak 182/22

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Politisk styringsstruktur og reglement, gjeldande frå oktober 2023, vert vedteke som det ligg føre til saka.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for næringsutvikling og drift og utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kommunestyret vedtok følgjande verbalpunkt i møte 15.12.2022 sak 182/22 økonomiplan 2023-2026:

### ENDRING I POLITISK STYRINGSSTRUKTUR FRÅ OG MED NESTE KOMMUNESTYREPERIODE 2023-2027

Kommunestyret skal ha 41 representantar og følgjande utvalsstruktur:

- Formannskap
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for levkår (helse- og omsorg, oppvekst, kunnskap og kultur)
- Utval for næring og drift

Ansvarsområda til levkår skal bestå av ansvaret helse- og omsorg og OKK hadde kvar for seg, elles forblir ansvarsområdene uendra. Ein ber om sak for å få oppdatert politisk styringsstruktur i tråd med dette i første møterunde etter jul. I same sak vil også ny fordeling av antal representantar i kvart utval bestemmes.

Det er og lagt inn ei setning under 3.17 spørsmål/interpellasjonar:

Spørsmål / interpellasjonar sendast til: [sporsmal.interpellasjonar@alver.kommune.no](mailto:sporsmal.interpellasjonar@alver.kommune.no)

Alle endringar i reglementet er markert gult.

Innholdsfortegnelse og sidetal vert oppdatert etter vedtak er gjort i kommunestyret.

**Vedlegg i saken:**

31.01.2023

Politisk styringsstruktur og reglement - gjeldande frå  
okt.23 - framlegg etter vedtak økonomiplan

1874288

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023

### **Meldingar og orienteringar til OKK - 07.02.2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Saksopplysningar**

Det vert lagt fram følgjande melding / orientering:

Heimeundervisning (privat grunnskuleundervisning i heimen) v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst